




2016-2026



- Planskildring
- Retningslinjer
- Handlingsprogram
- Konsekvensutgreiing

Plan-ID	Oppland 0500201302 Møre og Romsdal 1500201301 Sogn og Fjordane 01400201301
Fylke og kommunar	Oppland: Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk Møre og Romsdal: Rauma, Norddal og Stranda Sogn og Fjordane: Stryn og Luster
Forslagsstillar/ planeigar	Fylkeskommunane i Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.
Eksisterande planstatus	Det er ikkje tidlegare utarbeidd fylkesdelplan/ regional plan for området. Eksisterande planar er kommuneplanar og reguleringsplanar.
Planområde	8 367,4 km ²
Soner	Sone A1 Nasjonalt villreinområde 5 127,5 km ² Sone A2 Landskapsvernområdet med villreinføremål 635,1 km ² (inngår i A1) Sone A3 Friluftsliv 19,4 km ² (inngår i A1) Sone B Randsone 74,9 km ² Sone C Fjell- og fjordbygd 1 960,0 km ² Sone D Tamreinområde 290,9 km ² Sone E Utvekslingsområde villrein 81,4 km ² Sone F Utviklingsområde sommarskianlegg 16,8 km ²
Bakgrunn for planen	Bestilling frå Miljøverndepartementet i april 2007 om utarbeiding av regionaleplanar for dei nasjonale villreinområda. Føremålet er å leggje til rette for ei langsiktig og heilskapleg forvaltning av fjellområde som er særskild viktige for villreinen si framtid i Noreg. Planen skal fastsette ei langsiktig arealforvaltning som balanserar bruk og vern for desse fjellområda med influensområde. Planen er ikkje ein verneplan, men har som mål å ta omsyn både til framtida for villreinen og samfunnsutviklinga i planområdet. Planen sine retningslinjer fokuserer derfor meir på kva det blir gjeve løyve til enn kva planen stengjer for.
Planprogram	Vedteke i april 2011. http://www.villrein.no/Regionaleplaner/Ottadalsomr%C3%A5det/tabid/9584/Default.aspx
Høyring 1. gong	November 2012 - februar 2013.
Høyring 2. gong	November 2013 – februar 2014.
Høyring 3. gong	3. Kvartal 2015.
Krav om konsekvensutgreiing	Ja, jf. PBL § 4-2 andre ledd.
Handlingsprogram	Handlingsprogram med spesifikke tiltak for oppfølging av planen, årleg rullering.
Plandokument	www.villrein.no/regionaleplaner
Planvedtak	Fylkestinget i Oppland: Fylkestinget i Møre og Romsdal: Fylkestinget i Sogn og Fjordane:
Foto framside	
Øvst: Knut Granum	
Midten: Stig Aaboen	
Nedst: Utsnitt plankart, Nordplan AS	

INNHALD

FORORD	5
1 SAMANDRAG	6
2 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	8
2.1 Bakgrunn og rammer	8
2.2 Innleiing	8
2.3 Regional plan – plantype og verknad	9
2.4 Rammer for planarbeidet	9
2.5 Planprogram	10
2.6 Mål for den regionale planen	10
2.7 Planprinsipp	10
2.8 Organisering og planprosess	11
2.9 Kunnskapsgrunnlag	13
3 OMRÅDESKILDRING	16
3.1 Naturgrunnlaget	16
3.2 Lokalsamfunna i Ottadalsområdet	18
3.3 Samferdsel	21
3.4 Forsvaret	22
3.5 Verneområde	22
4 PLANSKILDRING	25
4.1 Planområdet	25
4.2 Hovudmål og planprinsipp	26
4.3 Om innhald, soner og retningslinjer	26
4.4 Viktige omsynsområde	29
4.5 Vurdering av fokusområda	36
4.6 Differensiert forvaltning	37
5 RETNINGSLINER TIL PLANEN	38
5.1 Generelle retningslinjer	38
5.2 Særskilde retningslinjer	40
6 HANDLINGSPROGRAM	43
6.1 Om handlingsprogrammet	43
6.2 Organisering, møteplassar og samordning	43
6.3 Ferdsel og kanalisering	44
6.4 Informasjon, formidling og tilrettelegging	45
6.5 Kunnskap	45
6.6 Samferdsel	45
6.7 Kostnad, finansiering og gjennomføring	46

7	KONSEKVENSGREIING	47
7.1	Konsekvensar av dei generelle retningslinene	48
7.2	Konsekvensar av soneinndelinga og tilhøyrande retningslinjer	49
7.3	Konsekvensar for tema frå planprogrammet	54
7.4	Vurdering av fokusområde	58
7.5	Vurdering av risiko- og sårbarheit i planen	61
8	VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA	63

FORORD

Norge er det eneste landet i Europa som fortsatt har fjellområder med villrein. Dette forplikter og det er viktig å sikre en slik verdi for framtiden, slik som det er sikret i generasjoner før oss gjennom god forvaltning. Bevisstheten av å ha villreinen i fjellet er sterk hos innbyggerne i området og nå får området status som nasjonalt villreinområde. På oppdrag fra Miljøverndepartementet skulle fylkeskommunene, sammen med kommunene utarbeide regional plan for villreinen i Ottadalsområdet.

Samtidig har vi også hatt stor forståelse for at området totalt sett er underlagt vesentlig statlig vern fra før. Med åpningen av Breheimen og Reinheimen nasjonalparker, ble store deler av disse områdene vernet med sitt eget sett med retningslinjer og sine forvaltningsorgan. Det har vært viktig å skjule til disse i arbeidet med regional plan for området hvor disse inngår.

For styringsgruppa har det vært viktig at den kan forvaltes og forstås på en enkel måte. Det er ikke lagt strengere føringer på områdene som allerede er vernet og underlagt retningslinjer. I tillegg er det forsøkt å få så stort sammenfall av det nasjonale villreinområdet, og nasjonalparker og landskapsvernområder som mulig. Regionalplanen skal nå følges opp med årlige handlingsprogram og det er viktig at disse utformes i tett samarbeid med kommuner og nasjonalparkforvaltningen.

Arbeidet med denne regionale planen har vært omfattende. Omfattende geografisk med de flotte fjellområdene og bygdene, omfattende på grunn av tilfanget av kunnskap om villreinens bruk nå og gjennom historien, og ikke minst omfattende i form av alle problemstillingene som skal vektles i løpet av prosessen. Området er viktig for villreinen, men vi finner også store ressurser av vannkraft, tidvis stor bruk for jakt, fiske og rekreasjon, turisme og potensielle utbyggingsområder for fritidshus som kan gi lokalsamfunnet store verdier. I disse diskusjonene har vi vurdert disse interessene opp mot hverandre. Villreinen har vunnet mange, men ikke alle og vi mener vi har fått til en balanse som hensyntar både villreinens interesser og muligheter for utvikling.

Kjetil Lundemoen
Leder i styringsgruppa



1 SAMANDRAG

Fordelt på areal i dei ti kommunane Lesja, Dovre, Vågå, Lom, Skjåk, Luster, Stryn, Stranda, Norddal og Rauma ligg Ottadalen villreinområde. På oppdrag frå Miljøverndepartementet har fylkeskommunane i Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane utarbeidd regional plan for dette området. Planen er utarbeidd etter kap. 8 i plan- og bygningslova og er ein retningsgjevande plan som må takast omsyn til ved vidare planlegging i kommunane.

Hovudmålet med planen er å sikre villreinen i Ottadalsområdet store nok område for at stamma fortsatt skal kunne vera levedyktig i framtida, samt å sikre moglegheiter for utveksling til andre villreinområde, i dette tilfellet Vest-Jotunheimen. I tillegg er det også eit viktig mål med planen at lokalsamfunna i planområdet fortsatt skal kunne ha handlingsrom til forvaltning og utvikling av livsgrunnlaget for bygdene.

Sidan store delar av området allereie er verna etter naturmangfaldlova, er det avgrensa kor store konsekvensar opprettinga av det nasjonale villreinområdet og retningslinene til dette vil ha for den menneskelege verksemda i desse områda, sidan verneforskriftene fortsatt vil gå framfor den regionale planen. I tillegg er det oppretta randsoner som skal vera med å sikre at menneskeleg aktivitet på grensa til det nasjonale villreinområdet ikkje vil påverke villreinen indirekte i negativ retning.

Arbeidet har vore leia av ei styringsgruppe på åtte personar frå fylka, kommunane og villreinnemnd. I tillegg har det vore ei administrativ faggruppe med representantar frå kommunane, fylka, villreinnemnda og villreinutvalet.

Det samla planområdet er om lag 8 367 km², og av dette er om lag 60 % verna etter naturmangfaldlova som nasjonalparkar, landskapsvernområde og naturreservat.

Planen består av ei planskildring med retningsliner og konsekvensutgreiing og plankart. I tillegg er det utarbeidd eit temakart for infrastruktur for planområdet. Plankartet er delt i åtte soner inkl. to underkategoriar. For sonene finn ein i retningslinene ulike restriksjonar og moglegheiter, der sone A syner det nasjonale villreinområdet, og sone C syner fjell- og fjordbygder der ein finn det meste av menneskeleg busetnad og aktivitet. Den regionale planen er ein grovmaska plan som trekkjer dei grove linjene for korleis arealbruken i området skal vera. Den detaljerte planlegginga vil fortsatt skje på kommunenivå.

SONE		OMLAG AREAL	KARAKTERTREKK VED SONA
A1	Nasjonalt villreinområde (NVO)	5 128,2 km ²	Leveområde for villrein. Utmarksnæringar og friluftsliv skal kunne utøvast, men tilpassa villreinen sine behov.
A2	LVO med villreinføremål	646,79 km ²	Område innafor NVO som syner landskapsvernområde med villrein som del av verneføremålet.
A3	Friluftsliv	19,4 km ²	Område innafor NVO der friluftssyn tilseier at det kan gjerast tilretteleggingstiltak.
B	Randområde	74,9 km ²	Områder utanfor NVO som utgjer ein buffersone mellom sone A og sone C.
C	Fjell- og fjordbygder	1 962,3 km ²	Bygder innafor planområdet med fast busetnad og landbruk.
D	Tamreinområde	290,86 km ²	Område der Lom tamreinlag har konsesjon for tamreindrift etter Lov om reindrift.
E	Uttevslingsområde villrein (mot Vest-Jotunheimen)	81,4 km ²	Område som knyter Ottadalen villreinområde saman med villreinområdet Vest-Jotunheimen. Viktig område for potensiell utveksling av dyr mellom villreinområda.
F	Utviklingsområde sommarskianlegg	16,8 km ²	Område med stor regional næringsinteresse gjennom tilrettelagde skiaktivitetar i perioden mai-oktober.
Planområdet totalt		8367,4 km ²	

Tabell 1: Oversikt over plansonene

2 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

2.1 Bakgrunn og rammer

Den regionale planen for Ottadalsområdet er utarbeidd av Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar på oppdrag frå Miljøverndepartementet (MD) gjennom eit bestillingsbrev, dagsett 12.4.2007. Dette brevet gjev dei overordna føringane for planarbeidet og desse føringane vart konkretisert gjennom planprogrammet som vart vedteke av dei tre fylkestinga i april 2011.

Den regionale planen er ikkje juridisk bindande, men har følgjande verknad:

- Regional plan skal leggjast til grunn for den kommunale planlegginga, for dei regionale organa si verksemd og den statlege planlegginga og verksemda i regionen.
- Berørte styresmakter kan fremje motsegn til kommunale planar som ikkje er i tråd med den regionale planen.
- Tidlegare vedtak om arealdisponeringar gjort på kommuneplanleggingsnivå (kommuneplan, reguleringsplan, detaljregulering/ bebyggelsesplan) er fortsatt gjeldande.

Arbeidet med den regionale planen har vore leia av ei styringsgruppe på åtte personar: Tre fylkestingspolitikarar frå kvart av dei berørte fylka, fire kommunepolitikarar som representerer dei ti kommunane, samt leiar av villreinnemnda for Ottadalsområdet.

Planområdet omfattar areal i ti kommunar i tre fylke. Planområdet utgjer eit areal på 8 367 km².

Store delar av planområdet – 5 036 km² – er allereie verna som nasjonalpark, landskapsvernområde eller naturreservat. Verneområde som har ivaretaking av villrein som eit av verneformåla utgjer om lag 60 % av planområdet.

2.2 Innleiing

Noreg er det einaste landet i Europa som fortsatt har fjellområde med villrein. Reinen gjekk innover landet da isen trekte seg attende etter den siste istida, og menneske trekte etter. I dag har vi fortsatt rein, og vi har også kulturminne i fjellområda våre som vitnar om at reinen har vore ein viktig, for ikkje å seie den viktigaste, ressursen for folk gjennom ei lang tidsperiode. Fortsatt betyr reinen mykje for mange lokalsamfunn.

At vi er det einaste i landet i Europa som fortsatt husar desse vandrane og nøysame dyra i fjellområda våre gjev oss eit særskild ansvar for å ta vare på villreinstammene og deira leveområde.

Fylkeskommunane som har villreinbestand i sine kommunar fekk derfor i 2007 oppdrag frå Miljøverndepartementet å utarbeide planar for ei heilskapleg forvaltning av dei fjellområda som er særskild viktige for framtida til villreinen i Noreg. I dette ligg også det å fastsette ei langsiktig arealforvaltning som tek sikte på å balansere bruk og vern i desse områda og nærliggjande område. Dette peiker på at i tillegg til å ta vare på villreinen skal ein også sikre at lokalsamfunna i desse områda skal vera levedyktige og gjevast moglegheit til å utvikle seg, utan at dette går ut over villreinen sitt livsgrunnlag.

Ottadalsområdet er utpeikt som nasjonalt villreinområde og har areal i Oppland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Desse tre fylkeskommunane er planeigarar og oppdragsgjevarar for denne planen. Fylkeskommunen i Oppland har hatt koordineringsansvaret for fylkeskommunane.

Planen har i Møre og Romsdal status som regional delplan og namnet som blir nytta her er *Regional delplan for villrein – Ottadalen*, jf. regional planstrategi for Møre og Romsdal for 2012-2016.

Plandokumentet har namnet *Regional plan for Ottadalsområdet*.

2.3 Regional plan – plantype og verknad

Den regionale planen for Ottadalsområdet er utarbeidd etter Plan- og bygningslova av 2008, kap. 8. Regionalplanen er ein retningsgjevande plan som ikkje har bindande arealplankart og juridiske føresegner. Dei juridiske føresegnene og bindande rettsleg arealbruk blir fortsatt gjeve gjennom kommunane si eigne arealplanlegging.

Dei regionale villreinplanane som Miljødepartementet (MD) gjennom sitt bestillingsbrev har bedt om skal utarbeidast, er ikkje nye verneplanar, men planar etter plan- og bygningslova som har som føremål å ta vare på villreinen sett i balanse med den øvrige samfunnsutviklinga. Målet med planane er at villreinens leveområde skal sikrast, samtidig som næringsutvikling og bruken elles av området skal få føreseielege rammer.

Verknad av planen

- Regional plan skal leggst til grunn for den kommunale planlegginga og for dei regionale organa si verksemd og den statlege planlegginga og verksemda i regionen.
- Berørte styresmakter kan fremje motsegn til kommunale planar som ikkje er i tråd med den regionale planen.
- Tidlegare vedtak om arealdisponeringar gjort på kommuneplanleggingsnivå (kommuneplan, reguleringsplan, detaljregulering/bebyggelsesplan) er fortsatt gjeldande.

2.4 Rammer for planarbeidet

Fleire fylkeskommunar fekk i brev frå MD, datert 12.4.2007, i oppdrag å utarbeide regionale planar (tidlegare fylkesdelplanar). Føremålet med planane var å sikre ei heilskapleg forvaltning av fjellområde som er særskild viktige for villreinen si framtid i Noreg. Ottadalsområdet er eitt av desse fjellområda, og er også utpeikt som eitt av ti nasjonale villreinområde (NVO).

Det er ikkje utarbeidd tilsvarande plan (fylkesdelplan/ regionalplan) for Ottadalsområdet tidlegare.

Planen skal omfatte både samfunnsinteresser generelt og villreininteresser særskild, og dette er spegla i bestillingsbrevet frå MD:

Det er en overordnet nasjonal målsetting at Norges unike fjellandskap skal tas vare på som leveområder for sårbare arter, regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levende bygder. Fjellområdene skal forvaltes som landskap der kultur- og naturressursene, næringsmessig utnytting og friluftsliv sikres og gjensidig utfyller hverandre.

Villreinen skal ha en sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida, og det er et nasjonalt mål at villreinens leveområder skal sikres. Dette skal skje gjennom regionale planer.

Planene skal fastsette en langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder. De vil være retningsgivende for kommunal planlegging og gi føringer for statlig og fylkeskommunal sektorplanlegging. Planene vil være et ledd i oppfølging av regjeringens samlede politikk for fjellområdene.

2.5 Planprogram

Planprogrammet for Ottadalsområdet vart vedteke av fylkestinga i Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane i april 2011. Planprogrammet legg rammer og føringar for utarbeidinga av sjølv planen, og tek utgangspunkt i bestillingsbrevet frå MD 12.4.2007. Her er mål for planarbeidet definert og det er peikt på forhold og tema som skal takast særskild omsyn til i planarbeidet.

På eit oppfølgjande møte i MD 20.8.2007 vart det avklart at regionale planar ikkje skal fastsette eit konkret utbyggingsnivå. Slik planlegging skal først skje på kommunedelplannivå.

MD har vidare gjeve ei presisering i eit brev 2.4.2008 der det m.a. blir peikt på at villreinnemndene bør få ei sentral rolle i planarbeidet.

I planprogrammet er desse delmåla definert for planarbeidet:

- Tilstrekkelege leveområde skal sikrast slik at det kan oppretthaldast ein levedyktig bestand av villreinen i eit langsiktig perspektiv.
- Kommunar, grunneigarar og næringsliv skal gjevast rammer som er føreseielege for si utvikling innafor planområdet.
- Planen skal sikre ei konsekvent handsaming av planforslag innan ulike delar av planområdet.
- Planprogrammet legg vekt på følgjande tema:
 - Villrein og anna biologisk mangfald
 - Utbygging
 - Næringsutvikling
 - Ferdsel (motorisert og til fots)
 - Samferdsel
 - Tamrein
 - Kulturminne
 - Planprogrammet har vore førande for arbeidet med planen, men nokre justeringar og prioriteringar er gjort undervegs

2.6 Mål for den regionale planen

Styringsgruppa har sett opp desse fem måla for den regionale planen for Ottadalsområdet:

- Villreinstamma i Ottadalsområdet skal sikrast tilstrekkelege leveområde og langsiktig gode livsvilkår.
- Lokalsamfunna rundt det nasjonale villreinområdet skal sikrast reelle moglegheiter for nærings- og bygdeutvikling.
- Planen skal sikre ei konsekvent handsaming av planforslag innafor planområdet.
- Planen skal leggje til rette for auka samarbeid og ei heilskapleg forvalting på tvers av fylkes- og kommunegrenser. Det skal arbeidast mot å etablere ei kunnskapsbasert, differensiert forvalting der ein tek omsyn til villreinen sin nomadiske bruk av areal i fjellet og til ulike tider av året.
- Planen skal leggje til rette for friluftsliv og auka kunnskap og kompetanse om natur- og kulturverdiar i området.

2.7 Planprinsipp

Den regionale planen for Ottadalsområdet skal primært ta vare på og sikre leveområde for ei livskraftig villreinstamme. Samstundes skal lokalsamfunna i planområdet sikrast reelle moglegheiter

for nærings- og bygdeutvikling og ei god tilrettelegging for friluftsliv. Planen søker å avvege desse omsyna i størst mogleg grad.

I den endelege utforminga av denne planen har styringsgruppa diskutert seg fram til nokre viktige prinsipp som har vorte lagt til grunn:

- Den regionale planen er ein grovmaska plan som ikkje tek stilling til detaljerte lokaliseringsspørsmål eller utbyggingsgrad. Dette må skje gjennom kommunale planprosessar som legg retningslinene i denne planen til grunn.
- For område som allereie er underlagt vern som nasjonalpark eller landskapsvernområde gjeld verneforskrifter og forvaltingsplanar. Retningslinene i denne planen gjev ingen tillegg ut over desse.
- Grensene for det nasjonale villreinområdet følgjer grensene for allereie etablerte verneområde der dette ikkje gjev store avvik frå det som er definert som biologisk leveområde for villrein. Dette er gjort for å få færre grenser å halde seg til i plansamheng.
- Planen skal gje rom for differensiert forvaltning. Det vil seie at nye tiltak skal vurderast opp mot villreinen sin arealbruk til ulike tider av året og vera basert på dokumentert kunnskap.
- Ingen ny fritidsbusetnad innafor det nasjonale villreinområdet.
- Utmarksnæring, også utmarksnæring som fell utanfor landbruksomgrepet, skal gjevast handlingsrom for vidare utvikling.
- Planen legg opp til at friluftsliv skal stimulerast på ein positiv måte. Tilrettelegging for ferdsel skal skje på ein slik måte at den blir styrt bort frå dei viktigaste villreinområda. Forpliktande kommunale sti- og løypeplanar vil vera eit viktig verktøy i eit slikt kanaliseringsarbeid.

2.8 Organisering og planprosess

Planprogrammet fastsette samansettinga av ei styringsgruppe og ei faggruppe for arbeidet med planen. Gruppene har hatt jamlege møte gjennom planarbeidet.

STYRINGSGRUPPA

Kjetil Lundemoen (leiar)	Fylkestinget i Oppland
Ivar Kvalen	Ordførar i Luster kommune
Johan Berge	Leiar i Ottadalen villreinnemnd
Jorunn Eide Kirketeig	Fylkestinget i Sogn og Fjordane
Per Magnus Berdal	Varaordførar i Norddal kommune
Rolv Kristen Øygard	Ordførar i Skjåk kommune
Stein Tronhus	Ordførar i Lesja kommune
Toril Melheim Strand (nestleiar)	Fylkestinget i Møre og Romsdal
Bjarne Otnes	Fylkesmannen i Møre og Romsdal (møte- og talerett)
Hermund Mjelstad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (møte- og talerett)
Marit Vorkinn	Fylkesmannen i Oppland (møte- og talerett)

Tabell 2: Styringsgruppa

Styringsgruppa er sett saman av politiske representantar samt representantar frå fylkesmennene, som har hatt møte- og talerett. Gruppa har hatt som hovudoppgåve å gjera prinsipielle avklaringar, sørgje for framdrift og å sjå til at planarbeidet vart gjennomført i tråd med planprogrammet og

føringane i MD sitt bestillingsbrev, samt å ta stilling til dei vurderingane faggruppa i sitt arbeid har kome fram til.

Styringsgruppa har hatt fem møte og samlingar i forkant av 1. gongshøyring.

FAGGRUPPA

Anders Røystrand	Møre og Romsdal fylkeskommune
Bernhard Svendsgard	Dovre kommune
Bjarne Otnes	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Brit Grønmyr	Rauma kommune
Hermund Mjelstad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Inger Moe	Luster kommune
Ingunn Moen Helland	Vågå kommune
Joar Helgheim	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Jon Halvor Midtmageli	Oppland fylkeskommune
Karina Vestrheim	Norddal kommune
Knut Granum	Ottadalen villreinutval
Lisbeth Lervik	Stryn kommune
Magnar Hansen	Lom Tamreinlag
Marit Vorkinn	Fylkesmannen i Oppland
Sander Sælthun	Lom kommune
Solveig Gråberg	Ottadalen villreinnemnd
Marit Svanborg m.fl.	Lesja kommune
Steinar Belsby	Stranda kommune
Stig Aaboen	Ottadalen villreinutval
Tor Taraldsrud	Skjåk kommune/ Ottadalen villreinutval

Tabell 3: Faggruppa

Deltakarane i faggruppa representerer kommunane, fylkeskommunane, fylkesmennene, villreinnemnda og –utvalet samt Lom tamreinlag. Faggruppa har fungert som bindeledd mellom prosjektleiinga og dei involverte kommunane. Lokale og regionale problemstillingar har vore drøfta direkte og medlemmer faggruppa har også bidrege med grunnlagsmateriale knytt til kommunale planar. Faggruppa har i tillegg hatt tre felles møte, og det har ut over dette vore jamleg kontakt med dei enkelte i faggruppa.

Prosjektleiing

Nordplan AS fekk oppdraget med prosjektleiing etter ei ope anbodskonkurranse, og Anne Silje Berg og Kjetil Aarstrand i Nordplan avd. Vågå har vore prosjektleiarar.

Opne møte

Det vart gjennomført i alt fem opne møte våren 2012 for dei ulike geografiske delområda. Møtavarthaldne i Norddal, Skjåk (to møte), Lesja og Lom/Luster (Sognefjellet). Til desse møta var det invitert innleiarar frå berørte partar som tok for seg ulike tema. Det var opne diskusjonar under møta og ei lang rekke innspel frå diskusjonane vart tekne med i den vidare prosessen.

Prosess og plan på nett

I byrjinga av planarbeidet vart det oppretta ei eiga nettside for planprosessen, www.oppland.no/rpvillrein/, der referat, arbeidskart og anna informasjon er lagt ut fortløpande.

Alle regionale planar for villreinområda blir lagt ut på nettsida www.villrein.no etter at dei er vedtekne av fylkestinga.

2.9 Kunnskapsgrunnlag

I og med at ei lang rekke verneområde er oppretta innafor planområdet i perioden 2006-2009, ligg det føre ei lang rekke vitskaplege rapportar og andre utgreiingar som tek for seg naturgrunnlag og samfunnsforhold. Dette relativt ferske materialet har vore ei god kunnskapsbase i arbeidet med planen.

Ein eigen spesialrapport som summerer opp dagens kunnskap om villreinen i Ottadalsområdet, NINA-rapport 643, vart utarbeidd i forkant av planprosessen. Denne rapporten, saman med *NINA-rapport 227 Villreinen i Ottadalsområdet* (2007), utgjer det viktigaste grunnlaget for informasjon om villreinen i Ottadalsområdet i planarbeidet.

Etter ei vurdering av det totale kunnskapsgrunnlaget har styringsgruppa ikkje sett behov for ytterlegare utgreiingar i tilknytning til planarbeidet.

NINA-rapport 643, 2011 | Villreinen i Ottadalen – kunnskapsstatus og leveområde

Norsk institutt for naturforskning (NINA) ga i 2011 ut denne rapporten som er ei samanstilling av kunnskap om villreinen i området og danner det viktigaste grunnlaget for vurderingane i planarbeidet. Arbeidet med denne rapporten vart gjort i forkant av planprosessen.

Ei eiga prosjektgruppe med representantar frå NINA, villreinnemnda i Ottadalsområdet, villreinutvalet i Ottadalsområdet, Statens naturoppsyn, lokalt fjelloppsyn, fylkesmannen i Møre og Romsdal og Miljødirektoratet (observatør) var sett ned for å bidra til innsamling av materiale. Norsk Villreinsenter Nord var prosjektkoordinator for arbeidet med rapporten, medan NINA hadde det faglege ansvaret. Arbeidet besto i å kartleggje og få oversikt over tidlegare utgreiingar og innsamla kunnskap, samle ny kunnskap og hente inn erfaringar og opplysningar frå lokale ressurspersonar.

Rapporten tek for seg datagrunnlag, historisk bakgrunnskunnskap, tilhøvet til tamreindrift gjennom tidene, arbeidet i villreinutvalet og syner til i alt elleve fokusområde der det i større eller mindre grad er brukarkonfliktar.

Eit viktig mål for arbeidet med denne rapporten var å fastsette ei ytre biologisk grense for villreinen sine leveområde. Kriteriet for å kalle det eit leveområde er at det har vore i jamleg bruk av villreini dag eller i tidlegare tider (m.a. dokumentert gjennom gamle fangstanlegg). Det er utarbeidd eit kart som syner den biologiske yttergrensa og dei ulike funksjonsområda som er sett gjennom kartleggingsarbeidet. Grensene blir understreka å vera den per i dag best moglege faglege avgrensinga av villreinen sine leve- og funksjonsområde utan at andre omsyn enn dei reint biologiske er vurdert.

Kartlegginga er gjennomført ved bruk av ulike metodar for innsamling av både kvantitative og kvalitative data. Dette kan vera stadfesta flokkobservasjonar med både teljingar gjort av villreinutvalet og tilfeldige flokkobservasjonar, tidlegare vitskaplege rapportar og andre skriftlege kjelder samt folk med lokal kjennskap om reinen sin områdebruk over lengre periodar i tillegg til data frå kommunale viltkart.

NINA-rapport 227, 2007 | Villreinen i Ottadalsområdet

Utgreiinga er ei samanfatting av eksisterande og tilgjengeleg informasjon om reinen i området, og det var ikkje samla inn ny informasjon i tilknytning til rapporten. Rapporten tek for seg mellom anna forskning gjort ikring ferdsel, økoturisme, hyttebygging, kraftutbygging, vegar og biltrafikk.

Rapporten har vedlagt kart og vedlegg med liste som syner identifiserte manglar, inngrep og uroingselement i villreinområdet. Desse spenner frå turgåing, kraftutbygging, hytter og skitrekking til tamreindrift, og i alt er 57 slike område merka av.

NINA-temahefte 27, 2004 | Villrein og samfunn

Temaheftet, som vart utarbeidd av ei rådgjevingssgruppe med 32 representantar for ulike samfunnsinteresser, har undertittelen *En veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villrein fjell*. Rapporten har som perspektiv at dersom villreinforvaltinga skal lukkast, må den bygge på eit kompromiss mellom villreininteresser og øvrige samfunnsinteresser. Men det finst grenser for kva ein kan tolerere av både/og-løysingar innafor det same området. Det er i dette temaheftet at omgrepa «nasjonalt villreinområde», «europeisk villreinregion» og «differensiert forvalting» blir introdusert. Ni nasjonale villreinområde, der Ottadalsområdet er eitt av dei, og to europeiske villreinregionar blir foreslått. Det blir vidare foreslått at det blir utarbeidd regionale planar (fylkesdelplanar) for villreinområda, at det blir laga ein strategi for handtering av ferdsel, at det blir innført ei meir modernisert bestandsforvalting gjennom eit betre kunnskapsgrunnlag, samt fleire andre nasjonale tiltak. Det vil vera rett å seie at det er dette temaheftet frå 2004 som legg grunnlaget for den planlegginga som denne planen er ein del av.

NINA-rapport 349, 2008 | Utredning om vern av Breheimen – Mørkrisdalen. Konsekvenser for reiseliv

Utgreiinga er ein del av bakgrunns materialet for arbeidet med opprettinga av Breheimen nasjonalpark. Utgreiingsområdet omfattar fjellareala mellom Sognefjellsvegen i sør, Strynefjellsvegen i nord og Jostedalen i vest. Rapporten konkluderer med at reiselivsinteressene er betydelege og verdien stor. Området har nasjonal, regional og lokal verdi i reiselivssamanheng. Rapporten presenterer også avbøtande tiltak, og inneheld oversikt over overnattingsdøgn i kommunane og framtidige planar innan reiselivet i området. Rapporten er utarbeidd på bakgrunn av tilgjengeleg eksisterande informasjon samt intervju.

Aurland naturverkstad rapport 2-2007 | Breheimen – Mørkrisdalen. Kartlegging av landskap

Rapporten skildrar landskapet i Breheimen og er ein del av bakgrunns materialet for arbeidet med opprettinga av Breheimen nasjonalpark. Det blir konkludert med at Breheimen og Mørkrisdalen har store opplevingsmessige verdiar i eigenskap av eit variert og rikhaldig landskap. I rapporten vert Breheimen og Mørkrisdalen vurdert å ha store område med landskap av nasjonal og regional verdi.

Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for ingeniør- og naturfag rapport 1/2006 | Breheimen– Mørkrisdalen. Geologi og landformer

Rapporten er ein del av bakgrunns materialet for arbeidet med opprettinga av Breheimen nasjonalpark, og gjev ei samanstilling av kjend kunnskap og eige feltarbeid i området. Tema er berggrunn, landformer, lausmassar og bre- og avsmeltingshistorie. Det blir skildra ein svært variert geologi med kontrastar i berggrunnen, og med ulike landformar og brear.

Vestlandsforskning rapport 7/05 | Kartlegging av reiseliv, gardsturisme, turguidning og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen – Mørkrisdalen

Rapporten er ein del av bakgrunns materialet for arbeidet med opprettinga av Breheimen nasjonalpark, og dokumenterer interesser og aktivitetar knytt til gardsturisme, turguidning, friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling i området. Rapporten tek også for seg konkrete planar i kring næringsutvikling knytt til reiseliv hjå sentrale aktørar. Bruken av området er oppsummert i tabellar som syner kva verksemder og aktivitetar som finst i området. Den kommersielle aktiviteten blir ikkje sett som stor. Rapporten inneheld oversikt over aktiviteten i kommunane i dette området, også grundig oversikt over setrer, kvar det blir drive gardsturisme og overnattingsverksemder, også med kommunevis oversikter.

Miljøfaglig utredning, rapport 2007:10 | [Botaniske registreringer og vurderinger i Høyrokampen-området](#)

Utgreiinga syner at Høyrokampen-massivet har store naturfaglege kvalitetar. Området vart i verneprosessen med Breheimen verna til naturreservat. Rapporten gjev ei beskriving av botaniske forekomstar i dette avgrensa området.

Miljøfaglig utredning, rapport 2005:13 | [Biologisk mangfold i Breheimen – Mørkrisdalen](#)

Rapporten er ein del av bakgrunns materialet for arbeidet med opprettinga av Breheimen nasjonalpark. Rapporten gjev beskriving av natur i delområde, naturtypelokalitetar og naturtyper, vilt og planteliv, og gjev også ein generell karakteristikk av området.

NIBR notat 2008:106 | [Konsekvensutredning av vern i Breheimen – Mørkrisdalen. Lokal tilhørighet og framtidig forvaltning](#)

Rapporten er ein del av bakgrunns materialet for arbeidet med opprettinga av Breheimen nasjonalpark. Utgreiinga syner kva synspunkt lokalbefolkninga har på verneforslaget, peiker på ulike forvaltningsmodellar og forholdet med tradisjonell og ny bruk. I tillegg er også forholdet mellom bruk og vern belyst. Også forslag til avbøtande tiltak er med i rapporten. Rapporten er utarbeidd på bakgrunn av ei større spørjeundersøking i tilknytning til rapporten, med ein svarprosent på litt over 37 %. Temaene i undersøkinga er delt i tilknytning og bruk, synspunkt på vern, synspunkt framtidig forvaltning, synspunkt på bruk og vern og betydinga av bruks- og eigedomsrettar.

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008 | [Verneframlegg og konsekvensutgreiing Breheimen nasjonalpark med tilgrensande landskapsvernområde og naturreservat \(verneplan\)](#)

Framlegget om vern av området i og rundt Breheimen omfattar nasjonalparken samt fem landskapsvernområde og to naturreservat. Breheimen og Mørkrisdalen har store variasjonar i landskap og vegetasjon knytt til store skilnadar i høgde over havet og store skilnadar i kor mykje nedbør som fell gjennom året.

Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavdelinga, rapport 01/12 | [Bruk og brukere i Reinheimen 2011 - dokumentasjonsrapport](#)

Rapporten summerer opp resultatane frå ei feltundersøking som vart gjennomført ved bruk av såkalla sjølvregistreringskassar ved dei viktigaste innfallsportane til Reinheimen nasjonalpark sommaren 2010 og 2011. Resultatane syner at talet på registrerte besøkande i Reinheimen ligg på 25-30 % av tilsvarende tal for Jotunheimen og Rondane og at regionale brukarar utgjer ein relativt større del av dei besøkande.

Andre kjelder

I tillegg til dei rapportane som er nemnde her er det gjort bruk av ei lang rekke kjelder på internett og munnleg informasjon som er gjeve i arbeidsmøte og opne møte undervegs i prosessen. Skriftlege notat og attendemeldingar frå kommunane har også bidrege til det totale kunnskapsgrunnlaget.

3 OMRÅDESKILDRING

3.1 Naturgrunnlaget

Ottadalsområdet er avgrensa av større dalar som Gudbrandsdalen og Romsdalen i nord og aust og Ottadalen og Bøverdalen i sør. I vest finn ein «kystfjell» ut mot fjordane. Fleire store og lange dalføre skjær seg inn fjellområda frå hovuddalføra og frå fjordane. Ottadalsområdet femnar ein stor variasjonsrikdom når det gjeld landskap, naturtypar og dyre- og planteliv på grunn av deistore gradientane frå fjord til høgfjell. Hovudpreget er likevel dei store høgfjellsområda. Ein stor del av arealet ligg mellom 1 200 og 1 600 m.o.h.

Geologi og planteliv

Dei geologiske tilhøva i området er stort sett prega av grunnfjellsbergartar eller skyvedekkebergartar som gjev gir grunnlag for ein heller fattig flora. Områda lengst aust, mot Slådalen, har omdanna bergartar som kan gje gi ein meir artsrik flora med arter som krev eit basisk miljø. Førekomst av rikare bergarter som kalkstein finn ein i området ved Høyrokampen øvst i Bøverdalen og ein finn også kalkrike bergartar i mindre område ved Mørkrisdalen, vest for Bøverdalen og i nedre deler av Lundadalen i Skjåk. Under gunstige tilhøve kan desse gje grunnlag for ein relativt kravfull og rik flora, men i svært avgrensa omfang totalt sett.

Høgfjellsområda i Ottadalsområdet har aldri vore under den marine grensa og kvartærgeologisk er området komplekst og landskapsformene syner stor variasjon. Frå Lordalen og austover er landskapet prega av flyer og rolege avrunda landformer, mens det lenger vest ber meir preg av brear, kvasse tindar, bratte fjell og djupe dalar.

Området totalt sett har ein lang og intakt habitatgradient frå dei tørre «kontinentale» fjellområda i aust til nedbørrike kystfjell i vest. Frå Lordalen og austover dominerer lavrike fjell i aukande grad mot Slådalsområdet. Området frå Finndalen vestover mot Aursjoen i Skjåk er variert med ei blanding av ulike beitetypar. Vest for Lordalen er det store areal med høgalpint landskap, mellom anna Trolltindane med stupbratte fjellsider mot Romsdalen, med skrinne beite i urlendt og fonnrikt terreng. Ut mot kystfjella er det mykje botnar og dalar med til dels frodige grøntbeite.

Klima

Området har eit varierende klima frå aust til vest. Dei austlege områda i Nord-Gudbrandsdalen er nedbørsfattige, medan nedbørsmengdene aukar vestover. I Skjåk, Lesja, Vågå og Lom finn ein nokre av dei mest nedbørsfattige stroka i landet, med under 300 mm årleg nedbør. Lengst vest i Romsdalsfjella kan ein måle over 2 000 mm. Topografien i området varierer, og dette fører også til at dei lokalklimatiske forholda vekslar. Delar av området ligg i ein regnskugge som gjev tørre dalar i aust. Fjellområda får desto meir nedbør. Også dalføra i vest får slik jamnare og meir nedbør. Gjennomsnittleg årstemperatur varierer frå -4 - -6 °C i store delar av fjellområda mens den kan gå opp mot +4 - +6 °C i Mørkrisdalen.

Kulturminne

I Ottadalsområdet finn ein eit stort tal kulturminne som fortel om reinen si tyding for samfunnet i desse stroka heilt attende til steinalderen. Eit mangfald av ulike typar fangstsystem særpregar den fangstkulturen vi finn spor av i fjellområda her. Alt frå større og mindre rusefangstanlegg med tilhøyrande stengsel og ledegjerde, til bågastøer og steinmura og jordgravde fangstgroper. Det er også funne spor av buplassar og læger knytt til dei store fangstanlegga. Førebels er det registrert om lag 2 500 fangstminne i Ottadalsområdet.


Eit stort tal funn av gjenstandar knytt til fangstkulturen er gjort i perioden frå 2006. Dette har samband med varmare sommarklima som har gjort at fonner og brear har smelta kraftig attende. Langs iskantane er det funne skræmepinnar, piler og pilspissar, klede og sko som kan knytast til fangstfolk som levde og jakta i området frå langt attende i tid.

I tillegg til fangstminna finst det eit stort tal andre kulturminne i området som fortel om bruken av fjellet opp gjennom tidene. Særskild må ein nemne spora etter den gamle vatningskulturen, som ein finn særleg i Ottadalen, der eit avansert kanalsystem leia vatnet frå vatn og dammar (såkalla teppingar) i fjellet og ned til åkrane i dei tørre dalane.

Reinen i Ottadalsområdet – historisk perspektiv

Reinen i Ottadalsområdet var inntil for om lag 150 år sidan truleg ein del av ei større sørnorsk villreinstamme som brukte større fjellområde uhindra av menneskeskapte inngrep. Fram mot år 1900 var det mykje villrein i Ottadalsområdet og det vart jakta rein frå Luster i sør til Romsdalen i nord. Reinsjakta hadde stor verdi for dei ulike bygdene langt attende i tid.

Alt i 1840-åra vart det gjort forsøk med tamreindrift i Ottadalsområdet med vekslende hell. I tida fram mot 1920-åra var det både villrein og tamrein i området, men villreinstamma gjekk etter kvart sterkt attende m.a. på grunn av hard jakting med moderne rifler. Samstundes auka motsetnadane mellom villrein- og tamreininteressene. I perioden mellom 1920 og 1930 reknar ein med at den siste villreinen frå den opphavlege stamma forsvann i dette området.



Figur 1: Sett rein/ tilfeldige observasjoner i Ottadalsområdet 2012. Kjelde: Norsk villreinsenter

Tamrein

Fleire tamreinselskap vart stifta i perioden 1910-1954 i hovudsak i Lom, Skjåk og Lesja med beiter i dei nordlege delane av Ottadalsområdet. Mange tamreinlag måtte etter relativt kort tid gje opp drifta på grunn av problem med gjeting og beiteavtaler.

I 1951 vart Vest-Jotunheimen tamreinlag stifta. Dei beita med reinen i fjella mellom Årdal og Luster fram til laget la ned verksemda i 1963. Restane av denne flokken danna grunnlaget for dagens villreinstamme i Vest-Jotunheimen. Det har tidvis vore utveksling av dyr mellom Vest-Jotunheimen og Ottadalsområdet.

I 1954 vart Trio tamreinlag stifta. Reinsflokken var samansett av rein frå Skjåk tamreinlag og Lesja tamreinlag som vart avvikla. I 1959 vart flokken utvida med innkjøpt svensk skogsrein. Trio dreiv i elleve år med beiter både på nord- og sørområdet i Ottadalen fram til 1965 da laget vart oppløyst. Reinen frå Trio tamreinlag danna grunnlaget for den villreinstamma vi har i dag. Det vart igjen opna for jakt på villrein i Ottadalsområdet i 1967.

I dag er tamreinlaga i Vågå og Lom dei einaste som er i drift i denne regionen. Med konsesjonetter reindriftslova har Lom tamreinlag i dag ein vinterflokk på om lag 2 400 rein, med vinterbeiteområde sør for Lomseggen mot Bøverdalen.

3.2 Lokalsamfunna i Ottadalsområdet

Areal

Tabell 4 nedanfor gjev ei oversikt over viktige arealtal for kommunane i planområdet.

	AREAL (km²)	AREAL VERNEOMRÅDE (km²)	% VERNA AREAL
Rauma	1 502	792	52,7
Norddal	943	578	61,3
Stranda	866	273	31,5
Stryn	1 377	477	34,6
Luster	2 706	1 387	51,3
Skjåk	2 075	1 539	74,4
Lom	1 968	1 167	59,3
Vågå	1 330	341	25,6
Dovre	1 364	877	64,3
Lesja	2 259	1 718	76,1

Tabell 4. Totalareal og verna areal i kommunane. Kjelde: ssb.no. Tal per 1.1.2012

Arealplanlegging i kommunane

Kommunane sin status for arealplanlegging varierer. Nokre av kommunane har heilt eller nokså nye kommuneplanar og/eller kommunedelplanar, andre har planar som er opp mot ti år gamle. Felles for alle kommunane er at dei har ein stor del verna areal, noko som gjer at den reelle kommuneplanlegginga i stor grad går føre seg i dalbotnane og nær fjorden. Verneprosessane har i hovudsak gått føre seg på 2000-talet som eit ledd i ein nasjonal verneplan frå 1991.

Folketalsutvikling

Tala for kommunane i planområdet syner at folketalet har gått ned dei siste 20 åra, men at det totalt i planområdet har heldt seg nokolunde stabilt på 2000-talet.

	2000	2012		ENDRING I PERIODEN	FRAMSKRIVING 2020 (middels nasjonalvekst)
Dovre	3 037	2 851	2 742	-295	2 699
Lesja	2 476	2 303	2 195	-281	2 311
Skjåk	2 612	2 386	2 307	-305	2 299
Lom	2 656	2 567	2 382	-183	2 448
Vågå	3 974	3 818	3 739	-235	3 678
Luster	5 172	5 003	5 026	-146	5 374
Stryn	6 754	6 666	7 065	311	7 711
Norddal	2 043	1 960	1 738	-305	1 726
Stranda	4 660	4 677	4 602	-58	4 836
Rauma	7 819	7 415	7 428	-391	7 629
TOTALT	41 203	39 646	39 224	-1 979	40 711

Tabell 5. Folketalsutvikling i kommunane. Kjelde: ssb.no. Tal per 1.1.2012

Sysseting og næring

Tala for sysseting i kommunane syner at landbruket er viktig sett i forhold til landsgjennomsnittet. Kommunane Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå og Norddal har meir enn 10 % syssette i landbruket, medan landsgjennomsnittet ligg på 2,6 %.

Sekundærnæringar (industri og produksjonsverksemd) har over 30 % av dei syssette i kommunane Stryn og Stranda, og alle kommunar med unntak av Dovre ligg over landsgjennomsnittet som er 20%.

Syssettinga i varehandel, hotell og restaurant og anna tenesteytande næring ligg mellom 23 og 36 % i kommunane, mens landsgjennomsnittet her er 39,3 % (alle tala er henta frå ssb.no, 2011-tal).

Reiseliv og bruken av fjellet

Med unntak av Geiranger og Trollstigen er planområdet lite prega av «tunge» turistdestinasjonar. Geiranger og Trollstigen er typiske sommarturistmål der vinterstengte vegar gjer destinasjonane vanskeleg tilgjengelege vinterstid. Geiranger har stor cruisetrafikk og er med det utgangspunkt for dagsturar med buss. Fjellet Dalsnibba som har bilveg til topps er eit av måla for turane. Trollstigen, som er ein av Noregs mest kjende turistattraksjonar, har stor bil- og busstrafikk om sommaren. På grunn av rasfare og andre forhold opnar Trollstigen sjeldan før i månadsskiftet mai-juni. Trollstigen er ein av Nasjonal turistveg-strekningane, og Statens vegvesen har investert store summar i tilrettelegging her. Trollstigplatået er utgangspunkt for fotturar til tinderekkene mot Romsdalen og Åndalsnes, men hovudtyngda av turistane held seg til dei anlegga som ligg lett tilgjengeleg langs vegen.

Destinasjonen Bjorli satsar på aktivitetar og eit servicetilbod i tillegg til hyttebygging og har eit relativt stort alpinanlegg på nordsida av dalen. Hovudtyngda av aktiviteten på Bjorli skjer utanfor planområdet.

Grotli Høgfjellshotell har eit mindre skitrekk og området er også attraktivt som utgangspunkt for vårskiturar. Stryn sommarskisenter ligg langs Fv 258 Gamle Strynefjellsveg som går mellom Grotli og Videseter som også er nasjonal turistveg. Den er vinterstengt frå midten av oktober til om lag 1. juni.

Sommarskisenteret har stolheis og skitrekk opp på Tystigbreen på 1 600 meters høgd. Oppe på breplatået blir det preparert langrennsløyper, og det er kafé og skiutleige knytt til anlegget.

Fleire turist- og overnattingsverksemdar ligg langs Fv 55 Sognefjellsvegen som er sommarope frå 1. mai. Sognefjellet er eit mykje brukt utgangspunkt for skiturar på vårparten og byrjinga av sommaren når vegen opnar, og hovudtyngda av ferdsla går inn i Jotunheimen. Dette gjeld også sommartid. Sognefjellet blir også mykje brukt til sommarskiaktivitet (langrenn og skiskyting). Løypekøyninga er organisert gjennom selskapet Sognefjellet sommarskisenter. Det mest brukte området for løypekøyning ligg inne i planområdet, men legg beslag på lite areal.

Jakt og fiske

Bruken av fjellområda til jakt og fiske har lang tradisjon i Ottadalsområdet. Villreinjakta vart starta opp att i 1967 og dei årlege fellingskvotene har dei siste 20 åra variert mellom 800 og 1 800 dyr. Samla sett har denne jakta stor verdi for området; verdi av kortsal for rettsinnehavarane, kjøtverdi, sal av jaktpakkar med guiding og transport (kløving) og ringverknadar for næringslivet knytt til eit stort tal tilreisande jegerar. I tillegg kjem sjølvsaugt rekreasjonsverdien jakta har for svært mange. Jakt på elg og hjort har på same måte stor verdi i området sjølv om denne jakta for ein stor del går føre seg under skoggrensa. Småviltjakt (lirype, fjellrype og hare) er også utbreidd i fjellområda og gjev inntekter i form av kortsal.

Det er eit stort tal fiskevatn i fjellet i planområdet. Berre i Skjåk kommune er det tilbod om fiske i over 200 vatn. Tradisjonelt vart det fiska med garn og oter på dei store fjellvatna, og fisket hadde tidlegare meir preg av å vera matauk og næringsfiske. I dag snakkar vi om fritidsfiske og sportsfiske, men mange plassar har garnfisket i august sterk tradisjon. Det blir seld fiskekort for fiske både med stong, oter og garn, men ein har ikkje talfesta kor stor verdi kortsalet har om ein tek med heile planområdet.

Eigedomsstruktur

Eigedomsstrukturen varierer i kommunane i planområdet. Skjåk kommune skil seg ut ved at størstedelen av utmarka i kommunen er eigd av bygdeallmenninga Skjåk Almenning som er på heile 2 000 km². Den er med det den største private eigedomen i landet. Allmenninga utgjer heile 95 % av arealet i Skjåk kommune. Utover dette er det i kommunane samansette eigedomstilhøve med private grunneigarar og statsallmenning.

Fritidsbustadar

Det er stor variasjon i talet på fritidsbustader i kommunane i planområdet. Dette kjem både av ulikheiter i marknaden for hyttebygging, grunneigartilhøve, graden av tilrettelegging av hytteområde, men også topografi og tilkomst i dei ulike områda.

Nokre av kommunane i planområdet stikk seg ut med tanke på satsing på fritidsmarknaden med hyttebygging. Området Billingen-Grotli i Skjåk kommune og Bjorli i Lesja kommune er satsingsområde i sine kommunar der det er bygd mange nye fritidsbustader dei seinare åra. For nokre av kommunane er det store verneområde som gir avgrensingar i bruken av fjellområda. Andre kommunar har fokus på hyttebygging i andre delar av kommunen og utanfor planområdet. Avgrensa tilkomst til fjellområda er også noko som spelar inn.

Ut over dei to tyngdepunkta for fritidsbustader på Bjorli og i Grotli-området finn ein mange stader i planområdet spreidd fritidsbusetnad og mindre hytteområde. Vi finn også setrer i planområdet, både dei som er nedlagt, dei som er i drift og dei som rettar seg mot besøksverksemd. Setrene blir også i mange tilfelle brukt som fritidshus.

For å få oversikt over talet på fritidsbustadar, setrer og våningshus som er brukt som setrer er det henta ut opplysningar frå GAB-registeret. Dette er synleggjort på temakartet Infrastruktur som ligg ved planen.

Vasskraft

Vasskraftproduksjon har stor økonomisk tyding for kommunane i Ottadalsområdet.

Tafjordvassdraget og Ottavassdraget har vore regulert til vasskraftproduksjon frå langt attende i tid. Kraftproduksjonen frå desse vassdraga er basert på nedslagsfelt og reguleringsdammar i fjellet i planområdet.

Tafjord Kraftselskap vart etablert i 1917 og den første kraftstasjonen i Tafjord vart opna i 1923. I åra etter vart det bygd ut store reguleringsanlegg i Tafjordfjella, og etter krigen vart det bygd fire nye kraftstasjonar. På 1990-talet vart det i tillegg bygd ein liten stasjon ved Brusebotnvatn. Dei siste åra er det bygd to mindre elvekraftverk på Hellesylt og Helstad i Stranda kommune og eit mindre kraftverk ovanfor Kaldhussæter i Tafjord. I Tafjordfjella har selskapet i dag tretten regulerte magasin. Total kraftproduksjon i Tafjord er om lag 1 065 GWh, noko som svarar til straumforbruket til 53 250 husstandar.

Utbygginga av Øvre Otta i Skjåk kommune i regi av Eidefoss er ein av dei største nyare vasskraftutbyggingar i Noreg. Prosjektet vart godkjent av Stortinget i 1999 og i juni 2005 opna Øyberget kraftverk og Framruste. Ein ny overføringstunnel mellom dei to eksisterande reguleringsmagasina Breidalsvatnet og Raudalsvatnet vart offisielt opna i 2008. Prosjektet gjev ei produksjonsauke i Framruste kraftverk på 125 GWh. Totalt produserer Øvre Otta-anlegga 650 GWh.

Luster kommune er ein av dei største vasskraftkommunane i landet. Fortun kraftverk med 3 kraftstasjonar er i dag eigd av Norsk Hydro og forsyner m.a. aluminiumsverket i Årdal med elektrisk kraft. Kraftstasjonane som til saman produserer 1 600 GWh, vart bygde i perioden 1956-1976. Fortun-, Grandfasta- og Fardalsvassdraget, med eit stort tal magasin i fjellområda mot Sognefjellet og i Vest-Jotunheimen, er regulerte gjennom eit omfattande tunnelsystem.

Statkraft bygde ut Jostedalsvassdraget i perioden 1984-1990. Innafor planområdet ligg dei to store reguleringsmagasina Styggedalsvatnet og Kupvatnet. Reguleringshøgda på Stygevatnet er heile 90 meter. Kraftstasjonen ligg ovanfor Gaupne og Jostedalverka produserer samla 877 GWh (2003-tal).

Ei lang rekke småkraftverk er i drift, har fått innvilga konsesjon eller er under konsesjonshandsaming i planområdet. Det har vore ei aukande interesse for slik utbygging dei seinare åra. Utbygging av småkraftverk har som regel små landskapsmessige konsekvensar.

3.3 Samferdsel

Det er utbygd vegnett rundt heile planområdet. Nord for planområdet går E 136 som har ein ÅDT (døgntrafikk i gjennomsnitt over året) på om lag 1 850 (om lag 450 av dette er tungtrafikk). Fv55 Sognefjellsvegen går langs sør-austgrensa. Denne vegen er sommarope (mai-oktober) og har ein gjennomsnittstrafikk i døgnet i denne perioden på om lag 600 bilar.

Den heilårsopne Rv15 Skjåk - Stryn, med ein ÅDT ved Ospeli-tunnelen på om lag 820 går tvers gjennom planområdet. Om lag 210 av desse er tungtrafikk. I ferieperioden i juli er trafikken oppe i 2 000 bilar i døgnet.

Andre vegar i planområdet er Fv 63 Langvatnet-Geiranger, Fv 63 Trollstigvegen (Nasjonal turistveg) som både er sommaropne og Fv 258 Gamle Strynefjellsveg (Nasjonal turistveg) som alle er sommaropne og svært viktige turistvegar.

Det går ei lang rekke mindre trafikkerte vegar inn i planområdet, vegar som går i sidedalane til hovuddalføra og vegar som går opp på snufjellet. Dette kan vera setervegar, skogsvegar og vegar som er bygd i tilknytning til kraftutbyggingar. Dei fleste av desse er berre sommaropne.


3.4 Forsvaret

Forsvaret har ikkje verksemd av betydning i planområdet. I Dovre er Lieslia feltskytebane ein del av Heimevernets skole- og kompetansesenter på Dombås. I Dovre sin kommuneplan er dette området avsett som område for Forsvaret. I 2008 vart skytefeltet utvida med ei sikringssone som strekker seg over tregrensa og inn i sone A1. I kommuneplanen ligg dette som LNF-område. Området er oppretta for å kunne hindre menneskeleg ferdsel under skyting på skytebaneanlegga. Lågtflyging er regulert i verneforskriftene til verneområda. Planen legg også retningslinjer for Forsvaret si verksemd.

3.5 Verneområde

Om lag 57 % av totalarealet innafor planområdet er allereie underlagt vern etter naturmangfaldlova og der ivaretaking av villreinens leveområde er nedfelt i verneformålet. Om ein reknar med Jostedalsbreen NP blir talet om lag 60 %.

Kartet under syner plasseringa av dei ulike verneområda.



Figur 2. Kart over verneområde innafor planområdet

Verneområda i planområdet har noko ulike verneformål. Tabell 6 under gjev ein oversikt over verneområde (nokre mindre naturreservat er ikkje tekne med i tabellen):

VERNEOMRÅDE	Areal	Verneformål (m.a.)
Breheimen nasjonalpark (NP)	1 707,0 km ²	Ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde.
Strynefjellet landskapsvernområde (LVO)	11,8 km ²	Ta vare på biologisk mangfold i området, med særleg vekt på leveområde og trekkområde for villreinstammen i Ottadalen villreinområde.
Mysubytta landskapsvernområde (LVO)	5,6 km ²	Villrein ikkje del av verneformåla.
Høydalen landskapsvernområde (LVO)	11,1 km ²	Villrein ikkje del av verneformåla.
Mørkrisdalen landskapsvernområde (LVO)	14,3 km ²	Villrein ikkje del av verneformåla.
Vigdalen landskapsvernområde (LVO)	29,4 km ²	Villrein ikkje del av verneformåla.
Høyrokampen naturreservat (NR)	9,9 km ²	Villrein ikkje del av verneformåla.
Honnsrøve naturreservat (NR)	16,4 km ²	Villrein ikkje del av verneformåla.
Reinheimen nasjonalpark (NP)	1 969,0 km ²	Ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord.
Romsdalen landskapsvernområde (LVO)	136,0 km ²	Ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv.
Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde (LVO)	74,0 km ²	Ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskogier langs Tafjorden.
Trollstigen landskapsvernområde (LVO)	146,0 km ²	Ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen.
Ottadalen landskapsvernområde (LVO)	223,0 km ²	Ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med særleg vekt på villreinstammen i Ottadalen nord.
Finndalen landskapsvernområde (LVO)	34,0 km ²	Ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfold som pregar landskapet.
Lordalen landskapsvernområde (LVO)	21,0 km ²	Ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfold som pregar landskapet.
Brettingsmoen naturreservat (NR)	5,7 km ²	Villrein ikkje del av verneformåla.
Geiranger-Herdalen landskapsvernområde (LVO)	492,0 km ²	Villrein ikkje del av verneformåla.
Jostedalbreen nasjonalpark (delar av NP)	175,3 km ²	Vern av plante- og dyreliv generelt. Villrein er ikkje nemnd særskild.
Vermedalen naturreservat	1,0 km ²	Sikre skogområde med naturleg plante- og dyreliv.
Honnsrøve naturreservat	16,5 km ²	Tilnærma urørt skogområde.
Drægnismorki naturreservat	1,8 km ²	Skogsområde viktig for biologisk mangfold.
Risheimsøyri naturreservat	2,3 km ²	Viktig våtmarksområde.
Verna areal innafor planområdet- totalt:	5 103,1 km ²	
Verna areal med leveområde for villrein som eit av verneformåla	4 321,8 km ²	

Tabell 6. Verneområde, areal og verneformål. Kjelde arealtal: ssb.no. Tal per 1.1.2012

Nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen aleine utgjer meir enn 48 % av det samla arealet som er verna.

Ni av dei 19 verneområde har ivaretaking av leveområde for villrein som eit av verneformåla. Dei ni verneområda som har villreinformål utgjer om lag 85 % av det verna arealet innafor planområdet. Om ein reknar med areala i Jostedalsbreen NP utgjer «villreinvernet» 88 % av det totale verna arealet.

4 PLANSKILDING


4.1 Planområdet

Planen omfattar areal som ligg i følgjande ti kommunar: Luster og Stryn i Sogn og Fjordane fylke. Stranda, Norddal og Rauma i Møre og Romsdal fylke. Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk i Oppland fylke. Ottadalsområdet er særskild på den måten at det inneheld store og relativt urørte fjellområde, og ved at store delar av arealet i planområdet allereie er verna etter naturmangfaldslova som nasjonalparkar (NP), landskapsvernområde (LVO) eller naturreservat (NR).

Planområdet totalt er 8 367,4 km², og har gjennom planprogrammet fått denne avgrensinga:

Luster – Vigdalen – Jostedalen – Erdalen – Oppstryn – Flo – Sunnylvfjorden – Liabygda – kommunegrense Valldal/ Stordal – Innfjorden – Veblungsnes – Rauma – Gudbrandsdalslågen til Sel grense – kommunegrensa mellom Sel og Vågå – Otta/ Vågåvatnet til Bøvre – Bøvre til Krossbu – Fv55 til Fortun – Skjolden – Luster.

Grunngjevinga for at yttergrensene er trekt så vidt, er å få eintydige grenser og å sikre at planen fangar opp alle problemstillingane som kan vera viktige for villreinen sitt leveområde. Det er vidare eit poeng at planområdet har naturlege avgrensingar mot andre regionale planar for villreinområde, i dette tilfellet Dovrefjell-området og Rondane. Prinsippet med plangrense i dalbotn blir brukt også her.



Figur 3. Kart over planområdet

4.2 Hovudmål og planprinsipp

Styringsgruppa definerte hovudmåla for planen, med basis i planprogrammet, slik:

- Villreinstamma i Ottadalsområdet skal sikrast tilstrekkelege leveområde og langsiktig gode livsvilkår.
- Lokalsamfunna rundt det nasjonale villreinområdet skal sikrast reelle moglegheiter for nærings- og bygdeutvikling.
- Planen skal sikre ei konsekvent handsaming av planforslag innafor planområdet.
- Planen skal leggje til rette for auka samarbeid og ei heilskapleg forvalting på tvers av fylkes- og kommunegrenser. Det skal arbeidast mot å etablere ei kunnskapsbasert, differensiert forvalting der ein tek omsyn til villreinen sin nomadiske bruk av areal i fjellet og reinen sine behov til ulike tider av året.
- Planen skal leggje til rette for friluftsliv og auka kunnskap og kompetanse om natur- og kulturverdiar i området.

Planen er utarbeidd med grunnlag i dagens bestandsmål som er ei vinterstamme på 2 500-2 800 dyr i Ottadalsområdet.

Styringsgruppa har lagt nokre viktige prinsipp til grunn for planen:

- Den regionale planen er ein grovmaska plan som ikkje tek stilling til detaljerte lokaliseringsspørsmål eller utbyggingsgrad. Dette må skje gjennom kommunale planprosessar som legg retningslinene i denne planen til grunn.
- For område som allereie er underlagt vern som nasjonalpark eller landskapsvernområde gjeld verneforskrifter og forvaltingsplanar. Retningslinene i denne planen gjev ingen tillegg ut over desse.
- Grensene for det nasjonale villreinområdet følgjer grensene for allereie etablerte verneområde der dette ikkje gir store avvik frå det som er definert som biologisk leveområde for villrein. Dette er gjort for å få færre grenser og halde seg til i plansamheng.
- Planen skal gi rom for differensiert forvalting. Det vil seie at nye tiltak skal vurderast opp mot villreinens arealbruk til ulike tider av året og vera basert på dokumentert kunnskap.
- Ingen ny fritidsbusetnad innafor det nasjonale villreinområdet.
- Utmarksnæring, også utmarksnæring som fell utanfor landbruksomgrepet, skal bli gjeve handlingsrom for vidare utvikling.
- Planen legg opp til at friluftsliv skal stimulerast på ein positiv måte. Tilrettelegging for ferdsel skal skje på ein slik måte at den blir styrt bort frå dei viktigaste villreinområda. Forpliktande kommunale stig- og løypeplanar vil vera eit viktig verktøy i eit slikt kanaliseringsarbeid.

4.3 Om innhald, soner og retningsliner

Plandokumenta består av eit plankart som syner sonedelinga av området, planheftet som inneheld planskildring, retningsliner og konsekvensutgreiing, handlingsprogram og eit temakart for infrastruktur som syner stiar, løyper, hytter, parkeringsplassar, kraftliner med meir. I tillegg blir det i planen synt til kartet som ligg ved *NINA-rapport 643 Villreinen i Ottadalen* og som syner det biologiske leveområdet for villreinen og reinen sin bruk av areal til ulike tider av året.

På grunn av målestokk og oppløysing er det under høyring av planen peikt på at det er vanskeleg å sjå nøyaktig kvar grensene mellom sonene går. Dette gjeld mellom anna at sone B ser ut til å gå heilt ned til riksveg 15 ved Billingen i Skjåk, sjølv om dette ikkje er tilfelle. Dette betyr at det vil liggje mykje vurderingar til kommunane i si sakshandsaming og planlegging når den regionale planen er vedteke.

Følgjande soner er brukt i regional plan for Ottadalsområdet:

SONE	OMLAG AREAL	KARAKTERTREKK VED SONA
A1 Nasjonalt villreinområde (NVO)	5 128,2 km ²	Leveområde for villrein. Utmarksnæringar og friluftsliv skal kunne utøvast, men tilpassa villreinen sine behov.
A2 LVO med villreinføremål	646,79 km ²	Område innafor NVO som syner landskapsvernområde med villrein som del av verneføremålet.
A3 Friluftsliv	19,4 km ²	Område innafor NVO der friluftssyn tilseier at det kan gjerast tilretteleggingstiltak.
B Randområde	74,9 km ²	Områder utanfor NVO som utgjer ein buffersone mellom sone A og sone C.
C Fjell- og fjordbygder	1 962,3 km ²	Bygder innafor planområdet med fast busetnad og landbruk.
D Tamreinområde	290,86 km ²	Område der Lom tamreinlag har konsesjon for tamreindrift etter Lov om reindrift.
E Utvekslingsområde villrein (mot Vest-Jotunheimen)	81,4 km ²	Område som knyter Ottadalen villreinområde saman med villreinområdet Vest-Jotunheimen. Viktig område for potensiell utveksling av dyr mellom villreinområda.
F Utviklingsområde sommarskianlegg	16,8 km ²	Område med stor regional næringsinteresse gjennom tilrettelagde skiaktivitetar i perioden mai-oktober.
Planområdet totalt	8 367,4 km²	

Tabell 7: Areal og karaktertrekk for plansonene

Dei generelle retningslinene gir overordna føringar på ein del område. Dei viktigaste punktaer:

- Ved vurdering av tiltak i planområdet skal det i tillegg til villreinen sine interesser leggjast vekt på tiltaket si tyding for nærings- og bygdeutvikling, ivaretaking av natur- og kulturverdiar og ringverknadar for lokalsamfunnet. Det skal leggjast vekt på å utvikle berekraftig næringsverksemd basert på det lokale ressursgrunnlaget og regionale fortrinn.
- Tiltak skal vurderast konkret opp mot villreinen sin områdebruk til ulike delar av året. Særleg viktig er vurdering av tiltak som kan påverke kalvingsområder (i mai månad og fyrste halvdel av juni), vinterbeiteområde og trekkvegar.
- Kommunane skal sende alle nye arealplanar, utbyggingssaker og inngrepssaker som kan påverke villreinen sine leveområde og livsvilkår til den regionale villreinnemnda for høyring.
- Nye vegar som aukar moglegheitene for ferdsel inn i sårbare område som kalvingsområde (i mai og fyrste halvdel av juni), vinterbeiteområde og trekkområde skal som ein hovudregel ikkje byggast.
- Det kan gjevast løyve til utbetring av eksisterande vegar dersom det ikkje fører til auka ferdsel inn i sårbare område for villreinen, eller dersom utbetringa gjev betre vilkår for villreinen.

- Det bør leggst til rette for gode moglegheiter for friluftsliv og natur- og kulturbaserte aktivitetar og opplevingar utanfor NVO, i randsona og i fjell- og fjordbygdsona, for å kanalisere ferdsel bort frå område som er sårbare for villreinen.
- Etablering og drift av stigar og diverse løypenett bør fastsettast i kommunale stig- og løypeplanar. Dette gjeld særleg i område der ferdsla kan påverke villreinen.
- Kommunane bør innføre utvida bandtvang for hund i og nær vinterbeite- og kalvingsområder for villrein gjennom revisjon av kommunale forskrifter.

Hovudtrekka i retningslinene for dei ulike sonene er synt i tabellen under:

SONE	HOVUDTREKK I RETNINGSLINENE
A1 Nasjonalt villreinområde (NVO)	<ul style="list-style-type: none"> • Regional plan gir ingen retningslinjer som går ut over det som er nedfelt i verneforskrift og forvaltingsplanar for dei verna områda (nasjonalparker og landskapsvernområde). • Ingen ny fritidsbustad, men visse moglegheiter for utbetring og ombygging av eksisterande. • Moglegheiter for bygg i utmarksnæring innafor landbruksbegrepet i PBL. • Etablert turisthytter kan moderniserast og utvidast i avgrensa omfang. • Ingen nye vegar eller andre tekniske inngrep som kan forringe det nasjonale villreinområdet. • Kanalisering av ferdsel for å redusere konflikt med villreinen.
A2 LVO med villreinføremål	<ul style="list-style-type: none"> • Del av det nasjonale villreinområdet. • Ingen retningslinjer i planen, verneforskriftene gjeld framfor den regionale planen.
A3 Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Del av det nasjonale villreinområdet. • Viktig friluftsområde sør for Aursjøen i Skjåk der stigar og installasjonar skal kunne haldast ved like, men der det bør visast varsemd ved utviding av stignett og oppføring av nye installasjonar.
B Randområde	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunane kan opne for nye fritidsbustadar, men i avgrensa omfang og innafor rammer som tek særleg omsyn til villreinen. • Moglegheiter for utbetring og ombygging av eksisterande bygg. • Moglegheiter for bygg i utmarksnæring innafor landbruksbegrepet i PBL.
C Fjell- og fjordbygder	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen retningslinjer
D Tamreinområde	<ul style="list-style-type: none"> • Planen gjev retningslinjer for forholdet i arealbruken mellom tamreindrifta og villreinen.
E Utvekslingsområde villrein (mot Vest-Jotunheimen)	<ul style="list-style-type: none"> • Ved alle nye tiltak skal kommunen vurdere om desse tiltaka reduserer moglegheita for utveksling av rein mellom Ottadalsområdet og Vest-Jotunheimen villreinområde.
F Utviklingsområde sommarskianlegg	<ul style="list-style-type: none"> • Ny utbygging bør skje i område med krav om reguleringsplan. • Ein forpliktande stig- og løypeplan som i størst mogleg grad kanaliserer ferdsel bort frå villreinområda bør ligge føre før ny utbygging.

Tabell 8. Hovudtrekka i plansonene

Med grunnlag i denne planen det skal utarbeidast eit konkret handlingsprogram som tek for seg moglege avbøtande tiltak som totalt sett vil betre tilhøva for villreinstamma i Ottadalen. Det er i planen peikt på viktige punkt som bør følgjast opp i arbeidet med handlingsprogrammet.

4.4 Viktige omsynsområde

Villrein

Ottadalsområdet er det tredje største leveområdet for villrein i Noreg. Totalt utgjer heile Ottadalen villreinområde 4 756 km². I forvaltinga av villreinjakta er Ottadalen villreinområde delt i to, Ottadalen Nord og Ottadalen Sør, av Ottavassdraget som dannar ein aust-vest akse mellom Vågåmo og Geirangerfjellet. Ottadalen Nord utgjer eit areal på 3 246 km², Ottadalen Sør eit areal på 1 510 km². Dei to områda blir administrativt rekna som ei eining. Alle kommunar og fylkeskommunar som har vore involvert i dette planarbeidet har areal innafor villreinområdet.

Ottadalsområdet har eit bestandsmål på ei vinterstamme på 2 500-2 800 dyr. Dette bestandsmålet ligg til grunn for denne planen. Under teljinga i januar 2013 vart det observert 2 765 dyr, fordelt på 895 i sørområdet og 1870 i nordområdet. I tillegg utgjer Trollstig-reinen 30-40 dyr.

Ottadalsområdet (nord + sør) hadde ei samla jaktkvote på 1000 dyr i 2012, og av dette vart det felt 528 dyr (53 %). I perioden frå 1990 til 2012 har talet på fellingsløyver variert mellom 828 og 1 776 med årlege fellingsprosentar mellom 61 og 86. Kvotereguleringa saman med vurdering av beitetilhøve er viktig for forvaltinga og reguleringa av villreinstamma.

Villreinforvaltinga

Ottadalen villreinnemnd

Villreinnemndene er offentlege nemnder der medlemmane er oppnemnd av Miljødirektoratet. Kvar kommune som har villrein foreslår to kandidatar, før Miljødirektoratet føretekk oppnemninga. Nemndene sine oppgåver er mellom anna å godkjenne bestandsplanar og fastsette årlege fellingskvoter, i tillegg til å delta i arealforvaltinga med sikte på å ta vare på villreinen gjennom berekraftig forvaltning av villreinen sine leveområde. Ottadalen villreinnemnd er ei av ni slike regionale nemnder i Noreg.

Ottadalen villreinutval

Villreinutvalet er eit kontakt- og samarbeidsorgan som har som føremål å ta vare på rettsinnehavarane sine interesser og vera eit kontaktorgan mellom rettsinnehavarar og jegerar. Utvalet skal arbeide for at reinen sine leveområde blir minst mogleg påverka av menneskeleg aktivitet og tekniske inngrep.

Det er villreinutvalet som står for den faglege drifta av villreinforvaltinga, som å utarbeide driftsplanar og å gjennomføre bestandsregistreringar, beitegranskingar og kondisjonsundersøkingar. Det er også utvalet som organiserer villreinjakta gjennom å utarbeide forslag til fellingskvotar, å medverke til oppretting av jaktavtaler mellom rettsinnehavarane, fastsette reglar for jaktutøving og å organisere jakttoppsyn.

Ottadalen villreinutval er samansett slik: Skjåk allmenning 2 representantar, Finndalen fjellstyre 1, øvrege rettsinnehavarar i Lom, Vågå og Dovre 1, Lesja fjellstyre 1, Lesjaskog viltlag og Lesja grunneigarlag 1, rettshavarar i Rauma 1, rettshavarar i Norddal og Stranda 1 og rettshavarar i Stryn og Luster 1.

Fokusområde

NINA Rapport 643 Villreinen i Ottadalen som er det faglege kunnskapsgrunnlaget for planen brukar omgrepet fokusområde om geografiske område der det i større eller mindre grad kan vera brukarkonfliktar med ulik problematikk knytt til reinens behov.

Rapporten peiker på i alt elleve fokusområde og problematikken knytt til desse er kort gjort greie for i konsekvensutgreiinga. Her følgjer ei oppsummert oversikt over fokusområda:

Fokusområde 1 | Trollstigen

Trollstigvegen er sommarope nasjonal turistveg med stor trafikk. Om lag 500 000 reisande køyrer denne strekninga i perioden mai-oktober og på Trollstigplatået er det tilrettelagt attraktive stoppunkt/ utsiktspunkt.

Fokusområde 2 | Brøstdalen-Reindalen

Brøstdalen aust for Ulvådalsvatnet er eit trekkområde til og frå beiteområda i nord. Eit område sør for Ulvådalsvatnet/ Pyttbudalen er registrert som kalvingsområde.

Aksen frå Brøstdalen til Reindalen og Tafjord har dei mest brukte DNT-merka rutene i Reinheimen. Talet på overnattingar på turisthyttene i området har auka monaleg dei siste 40 åra, samstundes som det er bygd fleire hytter i Brøstdalen mot Ulvådalsvatnet. I sum genererer dette ein god del heilårstrafikk i området.

Fokusområde 3 | Asbjørnsdalen

Indre delar av Asbjørnsdalen var tidlegare eit viktig kalvingsområde for villreinen. Området har nærleik til dei store hytteområda på Bjorli, men så langt ser det ikkje ut til at dette hargenerert mykje trafikk på sørsida av dalen. Kanaliseringeffekten av bygging av turløyper nærare Bjorli har truleg medverka til dette.

Fokusområde 4 | Grotli – Breiddalen

Dette er eit område som villreinen i dag brukar hovudsakleg i sommararbeiteperioden frå april til slutten av oktober. Enkelte år er det også kalving nær vegen i Breiddalen mot Langvasskrysset. Området er viktig som ein korridor for utveksling av dyr mellom nord- og sørområdet (saman med fokusområde Strynefjellet/ Tystigen).

Dette området har vore utsett for stor menneskeleg påverknad. Rv 15 gjennom Breiddalen er heilårsveg med aukande trafikk og stor andel tungtrafikk. Breiddalsvatnet er regulert. Det vil vere over 300 hytter i området når regulerte hyttefelt er ferdig utbygde. Ved Grotli Høgfjellshotell er det skitrekk og mykje brukte skiområde både nordover og sørover.

Fokusområde 5 | Lordalen

I området kring innte del av Lordalsvegen finst eit stort tal fangstminne som syner at dette området har vore brukt av reinen i lange tider. Også i dag er det mange observasjonar av rein i fjella langs med dalen. Bukkeflokkar trekker ned i dalen og beitar på groe om våren og dei nærliggande fjella er eit viktig kalvingsområde. Det fins spreidde hytter i Lordalen og setergrender ved Nysetra og Nordstølen.

Fokusområde 6 | Slådalen

Området kring den vinterstengte Slådalsvegen og kraftlinene på strekninga mellom Fauttjønn og Jørndalen har eit rikt omfang av registrerte fangstminne som syner at området har vore brukt av reinen i lange tider. Det har vore lite observasjonar av rein aust for Slådalsvegen i nyare tid og da oftast i samband med vinterbeite.

Det finst nokre hytter ved Fauttjønn og parkeringsplassar langs vegen.

Fokusområde 7 | Strynefjellet – Tystigen

Dette området ligg nær fokusområde 4 Grotli – Breiddalen og villreinen brukar det i dag hovudsakleg til sommarbeite frå april til slutten av oktober.

Gamle Strynefjellsvegen som fekk status som nasjonal turistveg i 2005 går i dette området. Vegen er ope i sommarsesongen frå om lag midten av juni og ut september, og det er ein del camping langs vegen. Tystigbreen vart teken i bruk til sommarskiaktivitet på slutten av 1960-talet. Alpint har vore hovudaktiviteten, og dette anlegget har hatt stolheis sidan 1986. Det har også vore køyrd oppløyper til langrenn på Tystigbreen. I 2009 vart det gjeve løyve til helikopterlanding ved serviceanlegget ved Strynefjellsvegen med innflyging frå vest.

Fokusområde 8 | Bispberget

Tangen som er avgrensa av den regulerte Aursjoen i nord og Aursjovegen i vest har tidlegare vore ein trekkveg aust-vest. Etter kraftutbygginga i 1965 vart dette trekket sterkt avgrensa på grunn av dammen og røygata i aust. Området er heilårsbeite for reinen, men har vore lite brukt som vinterbeite sidan midt på 1990-talet.

Aursjovegen som går til dammen i austenden av vatnet er open for ferdsel i sommarhalvåret. Dette er den einaste opne vegen inn på nordfjellet i Skjåk og er derfor mykje brukt. Det ligg fleire fiskebuer langs Aursjoen, men få på sørsida. Det er parkeringsplassar langs vegen med toalett både i aust- og vestenden av vatnet. Det er anlagt ein kultursti frå allmeningshytta austover til Flåtjønn som blir brukt i perioden juni-oktober. Det er mange tjoenner på Bispberget som blir brukt til magasin for vatningsanlegg og med vassvegar som går sørover og ned i bygda. Området kan nåast lett frå vegen, og det vart freda for jakt i 2011 og inntil vidare på grunn av stort jaktpress og avgrensa fluktvegar for reinen.

Fokusområde 9 | Honnsjoen – overgangen til Liafjellet

Området har hatt eit sterkt og konsentrert reinstrekk frå langt attende i tid og området Liafjellet og austover mot Nordheradsfjellet er eit viktig vinterbeiteområde for Ottadalsreinen fordi desse beita sjeldan isar ned. Villreinflokkane trekker normalt inn på Liafjellet ved årsskiftet. Fostringsflokkane trekker ut i slutten av april mens bukkeflokkar kan gå der heile sommaren. Bukkeflokkane kan også trekke ned i Finndalen i april/mai, ofte langt aust.

Det går sommarope bilveg inn til Vangen i Finndalen der det ligg fleire gamle setre og det går ein del beitedyr i området. Det fins også nokre fiskebuer ved Honnsjoen og vatna austafør, men desse er relativt lite brukt. Ei kraftline som vart oppgradert i samband med Øvre Otta-utbygginga går gjennom området, men ser ikkje ut til å påverke reinen. Det er svært liten utfart i området vintertid.

Fokusområde 10 | Lomseggen

Dette er grenseområdet mellom Ottadalen villreinområde og området for tamreindrift som Lom tamreinlag har konsesjon på. Heile det avmerkete fokusområdet ligg innafor Breheimen nasjonalpark. Lom tamreinlag brukar dette området som vinterbeite i perioden frå februar til byrjinga av april, mens villrein normalt trekker inn mot grenseområdet i byrjinga av april og blir der til ut i september.

Det har vore episodar der tamrein har trekt over i villreinområdet, tilsvarende har mindre villreinflokkar beita i tamreinområdet. Dette har ført til gnissingar mellom villrein- og tamreininteressene. Ein episode enda i 2009 opp i Forlikrådet, og partane vart da samde om å halde seg heilt til ei intern varslingsavtale som vart skrive allereie i 1984. Det vart også lagt vekt på å halde ein open dialog i framtida.

Fokusområde 11 | Vest-Jotunheimen

Vest-Jotunheimen var tidlegare ein del av Ottadalen villreinområde, men vart i 1981 utskilt som eige villreinområde. Fleire trekkveggar mellom desse områda er framleis urørte, og det er viktig å oppretthalde ein korridor som gjer det mogleg for rein å veksle mellom områda i framtida.

Aust i området, nord for Prestesteinsvatnet, er eit regionalt viktig område for sommarskiaktivitet med løypekøyning for langrenn i perioden mai-oktober.

Per Jordhøy, som var redaktør for NINA Rapport 643, peikar på desse fokusområda som særskild viktige: 2) Brøstdalen-Reindalen, 4) Grotli – vest i Breiddalen, 5) Lordalen, 6) Slådalen, 7) Strynefjellet – Tystigen og 9) områda sør for Honnsjoen – overgangen til Liafjellet.

Viktige føringar for planutforminga

- Planen skal ivareta alle viktige og sårbare leveområde med tanke på at dei ikkje skal splittast opp av nye store inngrep i framtida og at viktige vinterbeiter, sommarbeite og kalvingsområde ikkje skal forringast.
- Planen skal fastsette grensene for det nasjonale villreinområdet. Den skal ikkje fastsetje grenser for teljande areal i jaktsamanheng. Dette blir gjort av villreinnemnda etter retningslinjer gjevne av Miljødirektoratet.
- Det nasjonale villreinområdet skal vera stort nok til ei vinterstamme på 2 500-2 800 dyr som er dagens bestandsmål. Det inneber også at området skal ivareta reinens nomadiske vandringsmønster gjennom året og endringar av vandringsmønster og bruk av beiteområde over tid. Teljande areal i jaktsamanheng blir gjort av villreinnemnda etter forskrift om forvaltning av hjortevilt.
- *NINA Rapport 643 Villreinen i Ottadalen* si kartlegging av det biologiske leveområdet for villrein, og dei lokale vurderingane av dette, er det viktigaste grunnlaget for å trekke grensene for det nasjonale villreinområdet.
- Dei elleve fokusområda i rapporten peiker ut skal vurderast særskild i utforminga av planen.

Tamreindrift

Ottadalsområdet er særprega på den måten at ein innafor planområdet, i området sør for Lomseggen og på Sognefjellet, har tamreindrift. Lom tamreinlag har hatt samanhengande drift sidan 1926 og er eitt av fire tamreinlag utanfor det samiske området i Sør-Noreg. Laget er i dag organisert som eit ANS med 1 068 andelar. Berre folk busett i Lom kan vera andelseigarar, og Lom kommune er største andelseigar.

Laget har ein vinterflokk på om lag 2 400 dyr og produserer om lag 50 tonn reinskjøt i året, noko som representerer ein omsetnadsverdi på om lag tre millionar kroner. Det er fire fast tilsette gjetarar i tillegg til sommargjetarar og andre som deltek under inndrivinga flokken i samband med kalvemerking og slakting haust og vinter. Til saman utgjer arbeidsinnsatsen om lag fem årsverk.

Lom tamreinlag har gjennom konsesjon gjeve av Landbruksdepartement 4.11.1981 heimel til å utøve tamreindrift etter reindriftslova. Delar av deira driftsområde går inn i planområdet for den regionale planen, eit område som er avgrensa av kommunegrensa Lom/ Skjåk og Lom/ Luster. Etter noverande driftsplan blir dette området nytta som vinterbeite. Lom tamreinlag leiger beite delvis i statsallmenning og delvis av private grunneigarar. Øvrige beiteområde ligg innafor kommunegrensa til Lom i Jotunheimen.

Viktige føringar for planutforminga

- Det er i planarbeidet lagt til grunn at verksemda til Lom tamreinlag er heimla i særlov og ved særskild gjeve løyve, og slik sett ikkje kan regulerast gjennom ein regional plan etter plan- og bygningslova.
- Det er ønskjeleg å gje rom for den tradisjonelle tamreindriften i området som både kulturelt og næringsmessig er ei særprege og lokalt viktig utmarksnæring.
- Det aller meste av tamreinområdet ligg i Breheimen nasjonalpark og vil derfor vera verna som eit potensielt framtidig leveområde for villrein dersom Lom tamreinlag legg ned verksemda si.
- Tamreinen i Ottadalsområdet er genetisk svært lik villreinen og utgjør derfor ingen biologisk trussel ved tilfeldig samanblanding av dei to stammene.

Utmarksnæringar

I tillegg til store verneområde i planområdet, er ein stor del av arealet definert som landbruk-, natur- og friluftsliv samt reindrift (LNFR) i kommuneplanane.

Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet sin rettleiar T-1443 «Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss» gjev oversikt over kva former for gardstilknytt verksemd som inngår i dette føremålet.

Utmarksnæringar kan delast i to grupper (etter PBL, lista er ikkje uttømande):

- a) Utmarksnæringar i landbruket: Seterbruk, beitebruk, eige jakt og fiske og foredling av fisk.
- b) Anna utmarksnæring: Opplevingsnæring (guiding) og utleige av jakt- og fiskerettar (med husvære definert som næringsbygg).

Alle byggetiltak skal vera knytt til utmarksnæring. Ved lokalisering av «Anna utmarksnæring» i det nasjonale villreinområdet, men utanfor verneområda, skal det synast stor varsemd overfor villreinen sin bruk av området. Setre, driftshusvære og næringsbygg kan ikkje skiljast frå hovudbruket, jf. PBL og jordlova.

Viktige føringar for planutforminga

- Den regionale planen kan ikkje leggje avgrensingar på landbruksdrift innafor LNFR-føremålet, men kan gje retningslinjer om kva omsyn som bør takast ved utforming og plassering av bygg og anlegg.
- Planen skal bidra til stabile rammevilkår for drift og vidareutvikling av ulike bærekraftige utmarksnæringar i Ottadalsområdet.
- Planen skal gje klare føringar for vidare kommuneplanlegging som ivaretek dokumenterbare utmarksnæringar sitt handlingsrom i fjellet.

Friluftsliv og ferdsel

Ottadalsområdet er generelt relativt lite tilrettelagt med stigar, turisthytter, organisert fjellføring, turistverksemd og liknande om ein samanliknar med nærliggande fjellområde som Jotunheimen og Rondane. Likevel er det ein del turisthytter, hotell og utleiehytter i området. Talet på besøkande og overnattingsdøgn heng saman med det merke stig- og løypenettet og tilgjengelegheita elles, men det har vore ein markant auke i ferdsel i fjellet dei siste 40 åra sjølv om tala svingar noko frå år til år. Størst med 5 687 overnattingsdøgn i 2011 er Turtagrø ved Rv 55 i Luster.

I følge *Rapport 01/12 Bruk og brukere i Reinheimen sommeren 2011* frå Fylkesmannen i Oppland er besøkjande til Reinheimen kjenneteikna ved at dei er heimehøyrande i Oppland og Møre og Romsdal. Dette kan tyde på at den nordlege delen av Ottadalsområdet i ein stor grad er nytta som eit

«heimfjell». Dette er mogleg også ein naturleg konsekvens av at området i mindre grad er tilrettelagt for ferdsel og besøkande enn mange av dei andre kjende fjellområda.

Fjellpartia i dei vestlege delane av planområdet skil seg ut som det mest kjende og besøkte turområdet. Ålesund-Sunnmøre turistforening og DNT Oslo og omegn har fleire turisthytter her som Reindalssetra (2 337 overnattingar i 2011), Pyttbua (1 805), Veltdalshytta (1 374), Danskehytta (818), Vakkerstøyle (761), Kaldhusseter (728) og Torsbu (349). Sota seter (2 974 overnattingar i 2011) i Skjåk er ein innfallsport til stignettet som går sørover mot Luster med Nørdestedalsseter (1 045) og Arentzbu (340) som dei mest brukte hyttene. Andre hytter og buer som er tilgjengelege for publikum i planområdet er relativt lite besøkt. Besøksstatistikken syner at hyttene jamt over er mest brukt i sommarhalvåret. Danskehytta, Sota seter, Pyttbua og Veltdalshytta er mest brukt om vinteren med 200-300 overnattingar.

Ottadalsområdet har snørike fjellområde med tilkomst på sommaropne vegar. På Tystigbreen i Stryn og i området ved Sognefjellshytta har det i ei årrekke vore lagt til rette for sommarskiaktivitetar med skiheis opp til Tystigbreen og preparerte løyper for langrenn på Sognefjellet. Dette er ei spesiell form for friluftsliv som har auka i omfang i dei siste åra og som har næringsmessige ringverknadar for områda rundt.

Motorferdsel i utmark i dei viktige områda for reinen går føre seg i liten grad. Kommunane i planområdet har vore restriktive med dispensasjonar utover å gi løyve til nyttekøyring i samband med landbruk, utmarknæring, jakt og fiske. Kommunane har for det meste ordningar med leigekøyring med snøscooter etter fastlagte ruter. Det er også køyring med snøscooter i samband med naturoppsyn.

Temakart infrastruktur som ligg ved planen syner både merka- og umerka stiar, DNT sine vinterruter, vegar, parkeringsplassar og bygg for overnatting (turisthytter og liknande) i fjellet.

Viktige føringar for planutforminga

- Planen har som eitt av hovudmåla å leggje til rette for friluftsliv. Friluftslivet er viktig for folkehelsa og bidreg også til å skape forståing for arbeidet med å ta vare på fjellområda våre for framtida.
- Planen må gjera ei avveging mellom omsynet til uroing av villrein og dei positive effektane av eit auka friluftsliv i fjellet både i folkehelse- og næringsperspektiv.
- Områda for sommarskiaktivitetar har nasjonal interesse og er lokalt viktige i næringssamanheng og må derfor vurderast særskilt.
- Planen skal peike på tiltak som kan avgrense skadeverknadar av auka ferdsel på villreinens livsvilkår.

Samferdsel

Den heilårsopne Rv 15 Skjåk – Stryn er ei svært viktig samferdselsåre mellom austlandet og nordvestlandet, særleg vintertid og den har stor samfunnsmessig tyding. Rv 15 har ein ÅDT (årsdøgntrafikk) ved Ospeli-tunellen på Strynefjellet på om lag 820 (om lag 210 av desseer tungtrafikk) går tvers gjennom planområdet. I ferieperioden i juli er trafikken oppe i 2 000 bilar i døgnet. I samband med opninga av Kvivsvegen, som vil gje eit enklare samband mot Sunnmøre og delar av Nordfjord, i 2012, er det venta at trafikken austover langs Rv 15 vil auke ytterlegare. Auken i tungtrafikk vil vera særleg merkbar.

Trafikkauken som Kvivsvegen fører med seg vil kunne påverke villreinen i området gjennom Breiddalen mellom Langvatnet og Grotli som er eit viktig trekkområde og som også i periodar blir brukt som kalvingsområde (fokusområde 4). Den relativt trange korridoren i Breiddalen er viktig

sidan dette er hovudsambandet mellom nord- og sørområdet for villreinen. Statens vegvesen har sett i gang eit planarbeid med tanke på utbetring av Rv 15 og tunnelane på Strynefjellet. Ei «konseptvalutgreiing» (KVU) med fleire alternative løysingar er gjennomført i 2012. Fleire av alternativa medfører tunnelloysingar som blir ført lengre aust i Breiddalen, og dette vil gje betre vilkår for villreinen. Styringsgruppa har gjeve ei uttale i samband med høyringa av KVU der deigår sterkt inn for ei slik tunnelloysing som vil vera eit svært viktig avbøtande tiltak i eit område der villreinen er under press frå fleire typar menneskeleg aktivitet.

Hovudvegar i planområdet som Fv 63 Langvatnet-Geiranger, Fv 63 Trollstigvegen (Nasjonal turistveg) og Fv 258 Gamle Strynefjellsveg (Nasjonal turistveg) er sommaropne med opning som kjem an på snøtilhøva, men normalt frå slutten av mai til midten av juni. Alle desse vegane er svært viktige turistvegar, to av dei ligg under programmet for den store satsinga på nasjonale turistvegar, men dei ligg samstundes i område der dei påverkar villreinen. Fv 63 Langvatnet-Geiranger bør, etter styringsgruppas meining, på sikt bli inkludert i vegprosjektet på Rv 15 Skjåk-Stryn. Ei tunnelloysing på denne strekninga kan også verke som eit ytterlegare avbøtande tiltak for villreintrekket i området.

Det går ei lang rekke mindre trafikkerte vegar inn i planområdet, vegar som går i sidedalane til hovuddalføra og vegar som går opp på snaufjellet. Dette er setervegar, skogsvegar og vegar som er bygd i tilknyting til kraftutbyggingar. Dei fleste av desse er berre sommaropne, men er viktige både i landbruks-, nærings- og friluftslivssamanheng.

Viktige føringar for planutforminga

- Hovudferdselsårene i planområdet, og særleg den heilårsopne Rv 15 Skjåk-Stryn har stor samfunnsmessig tyding. Sommaropne turistvegar som Fv 63 Langvatnet-Geiranger, Fv 63 Trollstigvegen (Nasjonal turistveg) og Fv 258 Gamle Strynefjellsveg (Nasjonal turistveg) har også store næringsmessige ringverknader.
- Nye tunnelloysingar på Rv 15 og Fv 63 som aukar den «vegfrie» sona i Breiddalen vil vera eit svært viktig avbøtande tiltak for å betre tilhøva i eit viktig trekk- og kalvingsområde.

4.5 Vurdering av fokusområda

Dei elleve fokusområda er tabell 9 vurdert i samband med soneplassering:

FOKUSOMRÅDE	VURDERING	SONE-PLASSERING
1 Trollstigen	Største delen av området ligg innafor Reinheimen NP og Trollstigen LVO som har villrein som eit av verneføremåla. Trollstigvegen er sommarope nasjonal turistveg med stor trafikk. Trollstigplatået med turistveganlegg har reguleringsplan. Viktig område for Trollstig-reinen. Ønskje om å auke denne stamma noko. Sterke samfunnsinteresser i turistvegen.	A1 og A2, eit mindre, regulert areal lagt til sone C
2* Brøstdalen - Reindalen	Fokusområdet ligg innafor Reinheimen NP og Romsdalen LVO som har villrein som eit av verneføremåla. Sjølv om dette området har relativt stor ferdsel på grunn av DNT-merkastiar og fleire turisthytter, er det ikkje registrert store konflikthar i forhold til villrein. Viktig trekk-, kalvings- og beiteområde. Viktig område for friluftsliv.	A1 og A2, mindre område i sone C
3 Asbjørnsdalen	Største delen av fokusområdet ligg innafor Reinheimen NP. Moderat ferdsel i området, men turløypenett på Bjorli på andre sida av dalen ser ut til å kanalisere mykje av trafikken frå hytteområda. Tidlegare kalvingsområde i nærleiken.	A1
4* Grotli - Breiddalen	Sørlegaste delen av fokusområdet ligg i Breheimen NP og Strynefjellet LVO som har villrein som eit av verneføremåla. Område med stor menneskeleg påverknad. Mange hytter i området. Rv 15 med aukande trafikk er ein barriere for reinstrekk - ny tunnelloysing på Rv 15 Skjåk-Stryn vil vera eit viktig avbøtande tiltak. Behov for utviklingsrom for turistbedrifter. Viktig trekkområde for utveksling mellom nord- og sørområdet. Delvis brukt som kalvingsområde.	A, B og C
5* Lordalen	Fokusområdet ligg innafor Reinheimen NP og Lordalen LVO som begge har villrein som eit av verneføremåla. Fleire setre og spreidde hytter i området. Den innte delen av Lordalen er eit sentralt område for reinen med trekkveg og kalvingsområde i fjella på begge sider av dalen.	A1 og A2
6* Slådalen	Slådalen dannar delvis den austlege grensa for Reinheimen NP. Sommarope bomveg mellom Vågå og Lesja. To store overføringsliner for kraft følgjer dalen. Store fangstanlegg i området tyder på at det har vore mykje brukt av rein tidlegare, men få observasjonar på austsida av dalen i nyare tid. Potensielt vinterbeiteområde.	A
7* Strynefjellet-Tystigen	Delar av fokusområdet ligg i Breheimen NP. Sommarskianlegg med stor regional ringverknad på Tystigbreen. Sommarskisenteret og den nasjonale turistvegen genererer ein del trafikk i perioden juni-september. Eit utvida anlegg og meir løypekøyring på breen kan kome i konflikt med villreinen sin bruk av området, men sterke lokalsamfunnsinteresser tilseier at det bør opnast for forsiktig utvikling av området. Reinen bruker området hovudsakleg i sommarbeiteperioden.	A og F
8 Bispberget	Fokusområdet er ein tange som ligg sør for Ottadalen LVO ut mot kommunesenteret Bismo i Skjåk. Sommarope veg til Aursjodammen med parkeringsplassar. Viktig friluftsområde for Skjåk med turstigar, kulturstig og fiskebuer. Fleire småvatn er magasin for vatningsvatn. Tidlegare viktig trekkområde.	A3

9*	Honnsjøen – Liafjellet	Heilårsbeite for rein i dag. Administrativt freda for reinsjakt. Fokusområdet ligg i hovudsak innafor Reinheimen NP, Finndalen LVO og Ottadalen LVO der villrein er eit av verneformåla. Fleire setre og sommarope bomveg i Finndalen. Mange beitedyr i dalen. Vinterbrøytt bilveg til Liasetrene i sør. Kraftline går gjennom området. Det er ikkje registrert store konflikthar i forhold til villrein. Svært sentralt trekkområde frå langt attende i tid. Trekk til og frå viktig vinterbeiteområde på Liafjellet. Sommarbeite for bukkeflokkar.	A1, A2, B, C
10	Lomseggen	Fokusområdet ligg i Breheimen NP. Grenseområde mellom villreinområde og vinterbeite for tamrein.	A og D
11	Vest-Jotunheimen	Fokusområdet ligg på Sognefjellet. Sommarskiseret med langrennsløypekøyring og den nasjonale turistvegen genererer mykje trafikk langs den sommaropne Sognefjellsvegen i perioden mai-oktober. Sterke lokalsamfunnsinteresser tilseier at det bør opnast for forsiktig utvikling av området. Trekkvegane mellom Ottadalen villreinområde og Vest-Jotunheimen villreinområde, men berre sporadiske trekk i dag. Det er ønskeleg å oppretthalde trekkvegane med tanke på utveksling mellom dei to villreinstammene.	E. Mindre område lagt til sone F

Tabell 9. Vurdering av fokusområde. Fokusområde merka med * er peikt på som særskild viktige for villreinen

4.6 Differensiert forvaltning

Med korte avstandar mellom bygd og reinsfjell, og med mange interesser knytt til randsoner og dei fjellområda som ligg nærast busette område, er prinsippet om ei differensiert forvaltning viktig for å unngå for store interessekonflikthar.

Differensiert forvaltning vil seie at nye tiltak skal vurderast opp mot villreinen sin arealbruk til ulike tider av året. Til dømes vil det vera mindre problematisk å gi løyve til preparering av skiløyper i eller nær område som reinen berre brukar som sommarbeite. Tilsvarande vil ein vinterstengd veg i vinterbeiteområde ikkje ha negativ innverknad på reinen.

Ei god differensiert forvaltning gjer det naudsynt for kommunane at oppdatert kunnskap om villreinens arealbruk er lett tilgjengeleg. Temakartet *Ottadalen villreinområde* som syner beite-, trekk- og kalvingsområde vil vera eit viktig verkty i denne samanhengen. Dette kartet vart utarbeidd i samband med NINA Rapport 643 i 2011. Det er ønskeleg at dette kartet blir revidert med jamne mellomrom etterkvart som ein får ny kunnskap om reinen og eventuelle registreringar av endra arealbruk.

Den regionale villreinnemnda vil bli viktigare som høringsinstans for planar og nye tiltak dersomein skal nå målet om ei differensiert forvaltning. Det bør vurderast om nemnda har ressursar til å fylle denne rolla.

5 RETNINGSLINER TIL PLANEN

Presisering til retningslinene

Dei generelle retningslinene gjeld for alle sonene.

I retningslinene er omgrepet *sårbare villreinområde* brukt fleire stadar. Med dette meinst

- kalvingsområde (i mai og fyrste halvdel av juni)
- vinterbeiteområde
- trekkområde

5.1 Generelle retningslinjer

Verknad av planen

- a. Etter plan- og bygningslova (PBL) § 8-2 skal regionale planar leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.
- b. Rettsleg bindande arealbruk blir fastlagt i den kommunale arealplanlegginga etter plan- og bygningslova.
- c. Tidlegare godkjende kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar innafor planområdet gjeld uavhengig av denne regionale planen.
- d. Verna område som nasjonalparker, landskapsvernområde og naturreservat har bindande forskrifter etter naturmangfaldlova og skal ha retningslinjer gjevne i eigne forvaltningsplanar. Retningslinene i denne planen gjev ingen tillegg ut over desse.

Felles retningslinjer

PLANLEGGING OG SAKSHANDSAMING, VIDARE KOMMUNAL PLANLEGGING

- a. Den regionale planen er ein overordna og grovmaska plan som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve. Arealbrukssonene som er nytta er i stor grad fleirfunksjonelle soner tilpassa regionalt plannivå. Ei tilpassing til *Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister* vil vera naudsynt ved utarbeiding av kommunale planar.
- b. Regional plan skal leggast til grunn ved kommunane si handsaming av plan- og byggesaker og andre saker knytt til areal og ressursbruk.
- c. Retningslinjer i regional plan skal vektleggast i handsaminga av søknadar om dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplan etter PBL § 19.
- d. Temakart som høyrer til denne planen skal vektleggast ved handsaming av relevante søknadar om tiltak innafor planområdet.
- e. Før vedtak av planar og tiltak som kan påverke villreinen sine leveområde, skal naturmangfaldlova sine prinsipp for berekraftig bruk i §§ 8-12 vera vurdert, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av avgjerda, jf. lova sin § 7. Særleg viktig er vurdering av tiltak som kan påverke sårbare villreinområde.
- f. Villreinnemdene skal ha alle arealplanar som rører ved villreinen sine leveområde til høyring. Det same gjeld enkelttiltak som kan påverke sårbare område.

BYGG OG ANLEGG I UTMARKSNÆRING

- a. I medhald av PBL blir utmarksnæringar delt i:
 - «landbrukets utmarksnæringar» definert som setring, beitebruk, eigen jakt og fiske og foredling av fisk. Utan nærare planavklaring kan bygging av driftshusvære og driftsbygg tilknytt slike aktivitetar gjevast løyve til i LNF-område.

- «anna utmarksnæring» som omfattar opplevingsnæringar som guiding og utleigeverksemd knytt til jakt og fiske der husvære er definert som næringsbygg og liknande. Slikverksemd krev nærare avklaring av omfang og lokalitet gjennom kommunal planlegging etter plan- og bygningslova.
- b. Setrer og andre driftshusvære kan byggast, rehabiliterast og vidareutviklast dersom føremålet er å nytte utmarksressursane på ein måte som inngår i landbruksbegrepet etter PBL. Bygging skal skje etter ordinær byggesakshandsaming og krev ikkje nærare planavklaring. Det skal leggjast særskild vekt på tilpassing til kulturlandskapet.
- c. Det kan gjennomførast vedlikehald og standardheving av vassvegar.

VEGAR

- a. Nye vegar som aukar moglegheitene for ferdsel inn i sårbare område for villreinen skal som ein hovudregel ikkje byggast. Dersom det likevel blir gjeve løyve skal ferdselsregulering ved bom og restriksjonar på vinterbrøyting vurderast. Dette gjeld også nye landbruksvegar.
- b. Det kan bli gjeve løyve til utbetring av eksisterande vegar dersom det ikkje fører til auka ferdsel inn i sårbare område for villreinen, eller dersom utbetringa gjev betre vilkår for villreinen. Ferdselsregulering ved bom og restriksjonar på vinterbrøyting skal vurderast.
- c. Der nybygging eller utbetring av veg er naudsynt for landbruket eller andre næringar i eit område, skal det gjevast rettleiing med sikte på å finne landskapsmessige og økonomisk gode løysingar.
- d. Private vegar som fører til konfliktfylt ferdsel inn i sentrale og sårbare villreinområde bør vurderast stengt for allmenn ferdsel i heile eller delar av året.
- e. Ein tilrår å unngå brøyting av private vegar innafor vinterbeiteområde eller vegar som fører inn til sårbare villreinområde. Unntak er brøyting i tilknytning til skogsdrift. Kommunane bør utforme retningslinjer om regulering av brøyting av vegar.
- f. Uttak av grus er regulert gjennom landbruksvegforskrifta. For masseuttak som ikkje fell inn under denne forskrifta er det krav om handsaming gjennom PBL.

FERDSEL

- a. Med ferdsel er meint allmenn ferdsel og motorisert ferdsel i utmark. Allmenn ferdsel blir handheva gjennom friluftslova, medan motorferdsel og noko av Forsvaret sin ferdsel blir regulert gjennom motorferdselslova.
- b. Forsvaret sin bakkebaserte aktivitet skal også utover den delen av si verksemd som er regulert gjennom lov om motorferdsel syne aktsemd og unngå skader og ulemper for naturmiljø og menneske. Følgjeleg skal det heller ikkje gjennomførast militær øvingsaktivitet som er i konflikt med villreinen sin bruk av leveområdet, og dette gjeld særskild vintertid og i kalvingstida.
- c. Det bør leggjast til rette for gode moglegheiter for friluftsliv og natur- og kulturbaserte aktivitetar og opplevingar utanfor NVO, i randsonene og i fjell- og fjordbygdsonene, for å kanalisere ferdsel bort frå sårbare villreinområde.
- d. Etablering og drift av stigar og løypenett bør fastsetjast i kommunale stig- og løypeplanar. Dette gjeld særleg i område der ferdsel kan påverke villreinen.
- e. Etablerte stigar og løyper (merka av DNT eller andre) som kjem i konflikt med sårbare villreinområde skal, der dette er føremålstenleg, leggjast om med sikte på mindre konfliktfylte trasear.
- f. Større arrangement, konkurransar og aktivitetar skal leggjast til område, trasear og til tider der dei kjem i minst mogleg konflikt med villrein og størst moglege ringverknader for lokalsamfunnet. Organiserte aktivitetar bør i størst mogleg grad nytte eksisterande vegnett og godt merka stigar og løyper.

- g. Sykling bør fortrinnsvis skje etter utmarksvegar og stigar framfor i terrenget. Andre ferdselsformer som hundekøyring, kiting og liknande bør i størst mogleg grad styrast til område utan konflikt med villreinen.
- h. Kommunane bør innføre utvida bandtvang for hund i og nær vinterbeite- og kalvingsområde for villrein gjennom bruk av kommunale forskrifter.

5.2 Særskilde retningslinjer

SONE A1 | Nasjonalt villreinområde (NVO)

Verneområda har forskrifter som er heimla i naturmangfaldlova. Regional plan gjev ingen retningslinjer for verneområda, men tiltak blir handsama etter PBL dersom det blir gjeve løyve etter verneforskrift. Retningslinjene for sone A gjeld derfor berre dei areala som ligg innafor grensa for nasjonalt villreinområde, men utanfor verneområde).

Planen inneheld eit temakart som syner plasseringa av verneområda i forhold til nasjonalt villreinområde.

- a. Det skal ikkje gjevast løyve til ny fritidsbusetnad innafor området.
- b. Det kan gjevast løyve til ombygging og mindre tilbygg på eksisterande bygg, samt riving og erstatning av gamle bygg med nye av same storleik.
- c. Seterhus, driftshusvære og næringsbygg kan etablerast og vidareutviklast utanfor verneområde utan nærare planavklaring dersom det fell inn under landbruksbegrepet. For klargjering av kva tiltak som inngår i LNF-kategorien, sjå rettleiar T-1443 Plan- og bygningslova og Landbruk Pluss frå 2005.
- d. Etablerte turisthytter kan moderniserast og utvidast i avgrensa omfang. Nærare rammer for dette må avklarast i kommunane si vidare planlegging.
- e. Ny utbygging eller andre tekniske inngrep som kan forringe NVO bør unngåast. Etablert næringsverksemd, også kraftproduksjon, kan oppretthaldast og utviklast innafor rammar som ivaretek omsynet til villreinen.
- f. Det skal ikkje byggjast nye vegar for allmenn trafikk i og gjennom det nasjonale villreinområdet. Unntak kan gjerast for tiltak som gjev ein samla positiv gevinst for villrein, landskap og andre natur- og miljøinteresser. Vegar som er til tryggleiksføremål, teknisk infrastruktur og beredskapsføremål kan tillatast, men det skal takast omsyn til villreinen.
- g. Innafor sone A1 bør det leggjast særskilt vekt på å vurdere ferdselstiltak og aktivitetar i forhold til villreinen sin områdebruk og sårbarheit i ulike delar av året.
- h. Etablering og drift av stigar og løyper i NVO og i område som kan påverke ferdsla i NVO bør fastsettast i kommunale stig- og løypeplanar. Lokalisering av nye stigar og løyper skal skje ut frå omsyn til villreinens arealbruk. Nye stigar skal ikkje leggjast i sårbare villreinområde.
- i. Oppkøyrde skiløyper skal leggjast utanfor viktige vinterbeiteområde for villrein. Løypekøyring i etablerte løyper skal stoppast dersom villrein trekker inn i området.

SONE A2 | Landskapsvernområde med villreinverneføremål

Sone A2 er areal i planen som er verna som landskapsvernområde etter naturmangfaldlova, og der villrein er eitt av verneføremåla. Verneforskriftene gjeld framfor den regionale planen.

SONE A3 | Friluftsliv

Eit område sør for Aursjoen i Skjåk kommune som ligg inne i det nasjonale villreinområdet (sone A) er tilrettelagt for sommarbasert friluftsliv med fleire merka turstiar. Dette er eit viktig friluftsområde i Skjåk og stigar og installasjonar kan haldast ved like. Det skal synast varsemd i høve utviding av dette stignettet og oppføring av nye installasjonar.

SONE B | Randområde

Sone B er randområde som grenser mot NVO og skal fungere som bufferareal mot sone A.

- a. I vurderinga av nye tiltak skal omsynet til villreinen vektleggast i særleg grad.
- b. Kommunane kan i vidare kommuneplanlegging ope for ny fritidsbusetnad berre i avgrensa omfang, spreidd eller i små grupper, innafor sone B. Lokalisering og tal på nye fritidsbustadar skal fastsettast i kommuneplanar og gjevast rammer ut frå omsynet til villreinen.
- c. Kommunane kan gje løyve til ombygging og mindre tilbygg på eksisterande bygg, samt riving og erstatning av gamle bygg med nye av same storleik.
- d. Ny utbygging eller andre tekniske inngrep som kan forringe naturområdet bør unngåast. Etablert næringsverksemd, også kraftproduksjon, kan oppretthaldast og utviklast innafor rammar som ivaretek omsynet til villreinen.
- e. Bygg som fell inn under landbruksbegrepet i følge PBL kan etablerast og vidareutviklast som ledd i utmarksnæring.

SONE C | Fjell- og fjordbygder

Sone C er kulturlandskap som omfattar bygdeområde med tettstadar og spreidd busetnad.

SONE D | Tamreinområde

Sone D er eit område der Lom tamreinlag har konsesjon gjeve av Landbruks- og matdepartementet for tamreindrift etter Lov omreindrift.

- a. Tamrein skal ikkje opphalde seg utanfor sone D. Tamrein som beveger seg ut frå sone D skal snarast råd førast attende. I periodar der tamrein oppheld seg nær grensa til sone A eller når vêrtilhøva er slik at det gjev auka risiko for tamreintrekk inn i det nasjonale villreinområdet, må ein i gjetinga ta omsyn til dette.
- b. Dersom tamreindriften i framtida skulle bli avvikla, kan det ved rullering av den regionale planen vurderast om sone D skal inkludrast i det nasjonale villreinområdet.

SONE E | Utvekslingsområde mot Vest-Jotunheimen

Sone E er eit område i Luster kommune som er ein mogleg trekkveg for villrein mellom Ottadalen villreinområde og villreinområdet Vest-Jotunheimen som ikkje er nasjonalt villreinområde. Det er dokumentert sporadiske trekk i området og utveksling av dyr mellom dei to villreinområda. Området i sone E tilhøyrer Vest-Jotunheimen villreinområde.

- a. Ved alle nye tiltak skal kommunen vurdere om desse reduserer moglegheita for utveksling av villrein mellom Ottadalsområdet og Vest-Jotunheimen villreinområde.
- b. Det skal ikkje etablerast ny fritidsbusetnad innafor området ut over det som allereie er godkjent gjennom plan.

- c. Kommunane kan gje løyve til ombygging og mindre tilbygg på eksisterande bygg, samt riving og erstatning av gamle bygg med nye av same storleik.
- d. Ny utbygging eller anna tekniske inngrep som kan forringe naturområdet skal unngåast (t.d. gruvedrift, større masseuttak).
- e. Bygg som fell inn under landbruksbegrepet kan etablerast og vidareutviklast som ledd i utmarksnæring.
- f. Etablerte turistverksemder kan moderniserast og utvidast i avgrensa omfang.

SONE F | Utviklingsområde sommarskianlegg

Område med stor samfunnsmessig tyding både nærings- og rekreasjonsmessig, samstundes som dei ligg delvis i eller grensar opp til biologisk leveområde for villrein.

Styringsgruppa har peikt ut to område som aktuelle utviklingsområde for sommarskiaktivitet: Området ved Tystigen (Stryn sommarskisenter) og eit mindre område nord for Preststeinsvatnet på Sognefjellet (Sognefjellet sommarskisenter). Aktiviteten ved desse to sommarskianlegga gjev store ringverknadar for lokale turistbedrifter og lokalt næringsliv i sommarhalvåret.

- a. Ved vurderinga av nye tiltak skal det leggjast vekt på tiltaket si tyding for næringsutvikling og ringverknadar for lokalsamfunnet.
- b. Temakart for villreinen sin områdebruk (vedlegg til NINA Rapport 643) skal takast med somein del av vurderinga av nye tiltak innafor området og for vurdering av behov for avbøtande tiltak.
- c. Det skal ikkje etablerast nye bygg til bruk for overnatting.
- d. Ein forpliktande løypeplan som i størst mogleg grad kanaliserer ferdsel utanom villreinområdet skal ligge føre før nye utbyggingsplanar blir realisert. Lokalisering av nye løyper skal skje ut frå omsyn til villreinen sin arealbruk og i dialog med villreinnemnd og villreinutval. Løypekøyring i etablerte løyper skal stoppast dersom villrein trekker inn i området.

6 HANDLINGSPROGRAM

6.1 Om handlingsprogrammet

Etter plan- og bygningslova sin § 8-1 skal det lagast eit handlingsprogram til planen:

*Til regional plan skal det utarbeides et handlingsprogram for gjennomføring av planen.
Handlingsprogrammet skal vedtas av regional planmyndighet og rulleres årlig.*

Det er plan- og bygningslova § 7 som regulerer kor ofte og kva rammer som skal liggje til grunn for rulleringa av kart, retningslinjer og handlingsprogram. Etter kvart som den regionale planen blir teke i bruk og det blir gjort erfaringar i praksis, vil det vera viktig å rullere planen slik at ein på bakgrunn av erfaring får ein velfungerande plan på sikt. Det same gjeld handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet er tilpassa dei problemstillingane som har kome fram gjennom planarbeidet. Den administrative faggruppa med folk frå kommunane, fylkeskommunane, fylkesmennene, villreinneimnd og –utval samt Lom tamreinlag har hatt møte der aktuelle tema i handlingsprogrammet har vore diskutert.

Handlingsprogrammet som er utarbeidd er grovmaska, og tek i hovudsak for seg dei grove trekka ikring bruk og organisering av regionalplanen.

Det er ein føresetnad at det ved fyrste rullering blir teke fatt i konkrete tiltak som kan leiast utfrå dette fyrste handlingsprogrammet, og at ein da går inn på detaljar og konkrete tiltak.

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg. Hovudrullering kvart fjerde år, samanfallande med valperiodar og politkaropplæring.

Det er ønskjeleg at tiltak knytt til dei seks fokusområda som er peikt på som særskild viktige (jf. kap. 4.5) blir prioritert i vidare arbeid med handlingsprogrammet.

Ansvarleg | Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

6.2 Organisering, møteplassar og samordning

Dialogmøte for nasjonalt villreinområde for Reinheimen og Breheimen

Arrangere eit årleg dialogmøte. Møtet er ein stad for møte mellom aktørane som har med planen å gjera og som blir berørt av planen, og skal rette seg mot alle berørte partar som fylkes- og kommunepolitikarar, villreinneimnd og –utval, administrativ faggruppe, berørte fylkesmenn, nasjonalparkstyra og fjellstyra samt representantar for grunneigarar og sentrale brukarinteresser. Ein del av møtet bør også vera ope og tilrettelagt for ålmenta.

I hovudsak bør dialogmøtet vera ein stad for meningsutveksling og kompetansebygging. Dialogmøtet bør drøfte intensjonar og tiltak i handlingsprogrammet og samordne desse med nasjonalparkforvaltning, villreinforvaltning og kommunal planlegging.

Det er viktig at planeigarane saman med andre relevante aktørar bidreg med tiltaksmidlar til aktørar for gjennomføring av tiltak som blir sett inn i handlingsprogrammet.

Gjennomføring av møte blir administrert av dei tre fylkeskommunane påomgang.

Ansvarleg | Oppland fylkeskommune har ansvar for fyrste gongs gjennomføring. Seinare dei tre fylka på omgang.

Administrativ faggruppe

Ei administrativ faggruppe bør bestå av fylkeskommunar, kommunar, fylkesmannen, villreinnemnd og –utval samt nasjonalparkstyra. Denne gruppa bør møtast årleg. Føremålet med gruppa vil vera fagleg erfaringsutveksling og samordning mellom kommunane, og også med innlegg frå fagmiljø, miljøforvaltinga med fleire. Gjennomføring av møte blir administrert av fylkeskommunane på omgang, og faggruppa bør møtast i forkant av dialogmøtet.

Ansvarleg | Oppland fylkeskommune har ansvar for fyrste gongs gjennomføring. Seinare dei tre fylka på omgang.

Villreinnemnda som høyringspart

Etter hjorteviltforskrifta skal alle arealplanar som berører villreinen sine leveområde sendast på høyring også til villreinnemnda. Praksisen på dette er imidlertid varierande. Det er derfor viktig å peike på rutinar knytt til dette i handlingsprogrammet sjølv om det går fram av eige forskrift.

Det bør vera eit mål å innarbeide felles rutinar for medverknad frå villreinnemnda i kommunalesaker innafor plan- og bygningslova i planområdet.

Arealplanar skal sendast til nemnda for uttale, men også byggesaker som berører villreinen sine leveområde bør sendast til nemnda for uttale.

Ansvarleg | Fylkeskommunane i samarbeid med kommunane og Ottadalen villreinnemnd.

6.3 Ferdsl og kanalisering

Med ferdsl og kanalisering er meint tema knytt til stig- og løypeplanar, motorferdsl og bandtvang.

Den regionale planen og handlingsprogrammet er eit godt utgangspunkt for ei heilskapleg tilnærming til ferdsl og kanalisering som gjerne går på tvers av verneområde og andre forvaltningsområde.

Kapasitets- og finansieringsomsyn gjer det vanskeleg for enkeltkommunar å prioritere tiltak. Derfor bør det organiserast felles prosjekt for planområdet, der ulike styresmakter kan bidra med finansiering. Dette er også hensiktsmessig med tanke på å kunne gjera tiltak ut over kommunegrensene.

Planar for ferdsl kan omhandle stig- og løypeoversikt og planar for dette, tema knytt til motorferdsl og bandtvang. Planane kan vera felles for større område, eller fortrinnsvis ta for seg særskild sårbare område som regionalplanen peiker på. Det er aktuelt å sjå på geografisk avgrensing av utvida bandtvang, tidfesting, samt eventuelle unntak for bruk av hund under jakt eller trening. Temakart for infrastruktur kan nyttast i denne samanhengen.

Alle som arbeider med prosjekt knytt til ferdsl og kanalisering må samarbeide tett med verneområdestyra. Slik sikrar ein å få samsvar mellom slike tiltak og gjeldande forvaltningsplanar.

Ansvarleg | Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar saman med kommunane, villreinnemnd og –utval samt andre relevante aktørar som idrettslag, turlag m.fl.

6.4 Informasjon, formidling og tilrettelegging

Informasjon om det nasjonale villreinområdet bør takast med i anna informasjon som blir utarbeidd om området, til dømes skilting om nasjonalparkane, brosjyremateriell, nettsider og i tilknytning til turisthyttene.

Viktig at dette er tema på rådsmøtet, der mange aktørar som også arbeider med informasjon vil vera samla. Konkrete tiltak og kostnader knytt informasjon, formidling og tilrettelegging bør synleggjerast i fyrste rullering av handlingsprogrammet.

Ansvarleg | Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar saman med nasjonalparkstyra, villreinnemnda og kommunane.

6.5 Kunnskap

Det vil vera naudsynt å med jamne mellomrom oppdatere kartgrunnlaget for villreinen sin områdebruk, det vil seia kartet som er utarbeidd i tilknytning til *NINA-rapport 643 Villreinen i Ottadalen*. Det same gjeld oppdatering av temakartet for ferdsel og infrastruktur som er utarbeidd gjennom arbeidet med regionalplanen.

Det blir gjort årlege minimumsteljingar i januar/ mars, kalverregistrering i juni/ juli og i jaktperioden i august/ september blir villreinflokkane observert dag for dag og tilhald og rørsle blir notert. I september/ oktober blir det også gjennomført strukturteljing. I tillegg blir meir tilfeldige observasjonar elles i året registrerte. Det er villreinutvalet som står bak dette arbeidet, som ender opp i ein årleg rapport til mellom andre villreinnemnda, fylkesmennene og kommunane. Denne kunnskapen om reinen i Ottadalsområdet som jamleg blir oppdatert, vil vera viktig når kartgrunnlag osb. skal oppdaterast og når planar for aktuelle område skal utarbeidast.

Når den regionale planen nå blir teke i bruk, vil det vera tenleg å fortløpande føre eit oversyn over planar og tiltak som blir godkjent og utført i planområdet. Dette må løysast gjennom at kvar kommune gjennom sine planregister fører oversikt over tiltak og planar som berører regionalplanen.

Oversikt over tiltak vil også vera naudsynt når den administrative faggruppa skal møtast for å evaluere korleis planen fungerer i praksis.

Villreinnemnda sit inne med den lokale villreinkompetansen. Det er viktig å nytte nemnda dersom det er naudsynt med villreinfagleg kompetanse i planarbeid og sakshandsaming som kommunane sjølve ikkje sit inne med.

Ansvarleg | Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar saman med kommunane og villreinnemnda.

6.6 Samferdsel

Rv 15 gjennom frå Grotli gjennom Breiddalen står fram som eitt av dei viktigaste fokusområda i planarbeidet, fordi trafikken langs vegen er stor og ein fjerdedel av trafikken er tungtrafikk. I tillegg er riksvegen det inngrepet som skjærer seg tvers gjennom villreinområdet og slik er til hinder for trekk mellom nord- og sørområdet.

Statens vegvesen har utarbeidd konseptvalutgreiing for å kartleggje og synleggjera alternative ferdselstrasear mellom aust og vest på denne strekninga. Styringsgruppa for planarbeidet gav uttale til dette arbeidet med tanke på å synleggjera det beste alternativet for villreinen. I det vidare

arbeidet med Rv 15 er det viktig at det fortsatt blir gjeve signal som følgjer opp den fyrste uttala. Sidan styringsgruppa sitt mandat er fullført når regionalplanen er vedteke, er det opp til regionale og lokale styresmakter å vidare vera merksame på dette.

Der det er andre viktige samferdselsårer og det er aktuelt med endringar av desse, eller at reinensin områdebruk endrar seg slik at infrastruktur syner seg å vera til hinder, er det naudsynt at ansvarlege styresmakter tek ansvar for å ivareta villreinen sine behov.

Ansvarleg | Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar saman med kommunane.

6.7 Kostnad, finansiering og gjennomføring

Tiltaka i handlingsprogrammet er i stor grad grovmaska. Det er derfor ikkje nå spesifisert og detaljert konkrete tiltak og kostnader knytt til desse. Ved fyrste rullering må det velgjast ut kva tiltak som skal prioriterast og detaljerast. Ein del av temaene i handlingsprogrammet kan gå inn i den ordinære forvaltninga og bør slik gå inn i den løpande planlegginga og forvaltninga i dei offentlege forvaltningsorgana.

I fyrste rullering av handlingsprogrammet bør ein kome fram til konkrete tiltak og kostnader, slikat politisk vedtak får prioritet i budsjetthandsaminga i fylkeskommunane.

Det må søkjast å hente inn økonomiske midlar og å finne aktuelle samarbeidsaktørar for gjennomføring av tiltak.

7 KONSEKVENSGREIING

Konsekvensutgreiing av regionale planar er heimla i plan- og bygningslova § 8-3, tredje ledd:

Regionale planer med retningslinjer eller rammer for fremtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

§ 4-2 andreledd:

For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn.

Det er i det store og heile eksisterande informasjon som ligg til grunn for utarbeidinga av denne planen og for konsekvensutgreiinga. Det er utarbeidd ein ny villreinrapport, rapport 643 frå NINA, i forkant av planarbeidet. Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i det fastsette planprogrammet.

Den regionale planen er ein overordna plan som ikkje tek stilling til konkrete nye utbyggingsområde. Dette inneber også at detaljeringsnivået i utgreiinga er lågare enn det ville vore i ein kommune- eller reguleringsplan. Utgreiinga er såleis generell og tek i liten grad for seg konkrete mindre areal i planområdet.

Den regionale planen for Ottadalen villreinområde dekkjer eit areal med relativt få inngrep og lite ferdsel. Det er lite hyttebygging og andre tekniske inngrep i området i forhold til andre tilsvarande område.

Om konsekvensutgreiinga

Planen syner ikkje konkrete utbyggingsområde, og det er derfor ikkje lagt opp til ein presentasjon slik ein vanlegvis ser i konsekvensutgreiingar på kommuneplan- og reguleringsnivå. Utan å gå inn på konkrete forekomstar med tanke på naturtypar og artsførekomstar, tek utgreiinga for seg korleis val av soner og retningslinjer kan påverke villreinen, det generelle naturmangfaldet og andre relevante samfunnstema. Vurderinga er slik lagt på eit overordna nivå.

Hovudtrekka i planen

To viktige tema i planarbeidet har vore å

- finne ei avgrensing av det nasjonale villreinområdet som skal vera stort nok til å ivareta villreinen sin arealbruk, samtidig som det skal takast omsyn til område og aktivitetar som er særleg viktige for lokalsamfunna i planområdet, og
- finne fram til ei soneinndeling som både er relevant og ikkje for omfattande, men som fortsatt femner om dei områda som ein i planarbeidet har kome fram til bør peikast særskild på.

I planarbeidet har det vore eit bevisst val å ikkje leggje opp til fleire soner enn det som er sett som heilt naudsynt. Likevel har ein kome opp i åtte soner inkl. to underkategoriar (A-F), for å dekkje dei behova som har synt seg.

7.1 Konsekvensar av dei generelle retningslinene

Dei generelle retningslinene tek for seg generelle forhold ikring vegar, ferdsel, planlegging og sakshandsaming og utmarksnæringar. Dei generelle retningslinene gjeld for alle sonene i planen.

Bygg og anlegg i utmarksnæring

Retningslinene definerer kva som ligg i omgrepet utmarksnæring, og kva som gjeld ved rehabilitering og nybygg av setre og driftshusvære ved bruk av utmarksressursane.

Vegar i området

Gjennom området går det fleire større vegar. Den heilårsopne Rv 15 går tvers gjennom planområdet frå aust til vest og delar villreinområdet i eit nord- og sørområde. I sør er planområdet avgrensa av den sommaropne Rv 55 over Sognefjellet, og i nord går E136, samt andre mindre og delvis vinterstengde vegar.

Dei to vegane som byr på dei største utfordringane er Rv 15 Skjåk-Stryn og Fv 63 Trollstigen.

Rv 15 Skjåk-Stryn er svært viktig for samferdsla mellom aust og vest, og er med på å dekkje eit behov for heilårsveg for både varetransport og anna trafikk mellom aust og vest, men Rv 15 bidreg også til ei fragmentering av Ottadalen villreinområde. Delar av vegen går i tunnelar, men langs det høgste partiet på vegen i Breiddalen, der vegen ikkje ligg i tunnel, trekkjer reinen over i ein korridor på nokre kilometer, mellom nord- og sørområdet. Det er også registrert kalving langs denne strekninga. Vegsalting som ofte fell saman med kalvingstida er nemnd som ein mogleg årsak til at reinen søker til området langs vegen. Det er opp gjennom åra vore utbyggingsaktivitet i området, og området er viktig for Skjåk kommune med tanke på vidare reiselivsutvikling.

Statens vegvesen har gjennom ein KVV (konseptvalutgreiing) i 2012 gjort vurderingar av alternative vegtrasear over Strynefjellet. Forholdet til villrein er ein av mange vurderingskriterier, og styringsgruppa for planarbeidet har kome med ei høyringsuttale til KVV der det blir sterkt tilrådd at ein velgjer eit alternativ der tunnel blir ført lengst mogleg aust i Breiddalen.

Delar av vegstrekninga er i planen lagt som randområde (B) og fjell- og fjordbygder (C). Dette er område som er viktige for reiselivet, der det allereie er gjort utbyggingar og der kommunen vil satse også i framtida. Området som i NINA-rapporten er peikt på som det viktigaste trekkområdet her er innlemma i det nasjonale villreinområdet (A).

Trollstigen langs Fv 63 er nasjonal turistveg og ein av dei viktigaste turistattraksjonane i Noreg. Trollstigreinen utgjer i dag ei lita stamme på om lag 30-40 dyr, noko som tilseier at det innimellom må inn «nytt blod» for å kunne byggje opp og oppretthalde ei livskraftig stamme. Både fylkesvegen i seg sjølv, med stor turisttrafikk, parkering av bular i sommarhalvåret, og aktiviteten rundt vegen særleg om våre i tilknyting til vårskiturar, kan vera ei utfordring for reinen. Sjølv Trollstigen ligg utanfor det som NINA har definert som leveområde villrein. Sjølv om Trollstigen og Trollstigplatået ligg innafor planområdet, er den heldt utanfor det nasjonale villreinområdet og ligg i sone C. Resten av fylkesvegen sør for Trollstigsvingane ligg i sone A.

Områda i og rundt Reinheimen (nord) og Breheimen (sør) er område som er lite utbygd. Store funn av fangstminne relatert til villrein er gjort i områda og vitnar om ein sterk tradisjon knytt til fangst av desse dyra. Ut over dette er dagens jakt, setring, samt merka stiar i delar av området, det som utgjer den viktigaste bruken av området i dag. I dette ligg det også at det er lite vegar inn i området.

Villrein og naturmangfald, samfunn

Planen legg opp til at vegar som kan føre til auka ferdsel inn i villreinområdet ikkje bør byggast. Landbruksvegar elles er regulert gjennom forskrift. Eksisterande vegar som er konfliktfylte i forhold til villreinen bør vurderast stengt. På denne måten søker planen å redusere moglegheita for nye vegar inn i området og til ein viss grad også bruken av eksisterande vegar, samtidig som ein må sjå på kor naudsynte desse er i tilknytning til landbruksverksemd. Omsynet til villreinen skal vera eit viktig moment ved vurdering av tiltak.

Ferdsel

For villreinen som generelt er var på endringar og påverknadar som ikkje er ein del av dei normale påverknadane som reinen er utsett for, kan ulike former for og endra mønster i ferdsel påverke deira livsgrunnlag for kortare eller lengre periodar. Det er derfor ein viktig del av planen å seia noko om ferdsel. Det er generelt lite ferdsel i Ottadalsområdet, men i visse område finn ein ein større konsentrasjon. Retningslinene syner særleg til merking av stigar og løyper, forsvaret sin bruk av fjellet og bandtvang.

Villrein og naturmangfald

Dei generelle retningslinene som gjeld for alle sonene bortsett frå sone C, gjev føringar og presiseringar til den generelle bruken av planområdet. Reinen blir godt ivareteke gjennom at det blir lagt retningsliner for både vegar og ferdsel i favør av villreinen, og kanalisering av tiltak og ferdsel blir søkt halde utanfor det nasjonale villreinområdet og heller lagt til randsonene. For sone C gjeld den ordinære kommunale planlegginga og planen legg ikkje føringar for denne. Planen legg opp til å vidareføre landbruket/ utmarksnæringa sin bruk av området når det gjeld handteringa av bygging i utmarka. I alle tilfelle må ein ta omsyn til naturmangfaldet generelt ved nye tiltak. Ein meiner at planen i stor grad tek omsyn til villreinen.

Samfunn

Planen legg opp til ei generell vurdering av tiltak sin gevinst for samfunnet mot konsekvensane tiltaket kan få for villreinen. Det meste av fast busetnad og landbruk ligg i planen si sone C, men det er i delar av området utbreidd setring og anna bruk av ressursane i fjellet knytt til landbruksnæringa eller anna utmarksnæring. For private vegar som ikkje blir handsama i landbruksvegforskrifta, vil planen føre til meir innskrenka moglegheiter dersom vegane kan ha konsekvens for villreinen. Planen legg opp til tilrettelegging for friluftsliv og natur- og kulturbaserte aktivitetar og opplevingar utanfor det nasjonale villreinområdet. Dette vil kunne kome friluftslivet til gode, samtidig som ein fokuserer på å halde ro rundt villreinen. For landbruket/ utmarksnæringa legg ikkje planen opp til anna enn presiseringar av kva som ligg i omgrepa landbruk og utmarksnæring. Planen fører derfor ikkje til endringar for denne næringa.

7.2 Konsekvensar av soneinndelinga og tilhøyrande retningsliner**SONE A | Nasjonalt villreinområde**

Ei avgrensing av det nasjonale villreinområdet er det viktigaste målet for utarbeidinga av den regionale villreinplanen. Villreinområdet i planen er avgrensa med tanke på at området skal vera stort nok for å dekkje villreinen sitt arealbehov.

I NINA-rapport 643 er det definert område der det ikkje er gjort observasjonar av rein i nyare tid. Desse områda er tangar både i den vestlege og den austlege delen av området, og dei er definert som vinterbeite eller barmarksbeite. Fordi det i desse områda ikkje er registrert observasjonar i nyare tid, er dette også område som er peikt på som mindre viktige for reinen slik tilhøva er i dag. Samtidig er dette område som i framtida kan bli viktige beitereserver, både på grunn av reinen sin

vekselvise bruk av beite og på grunn av klimaendringar som gjer at beiteområde som i dag ikkje er i bruk kan bli meir attraktive og også naudsynte for reinen i framtida.

Avgrensinga av villreinområdet er gjort hovudsakleg med utgangspunkt i kartleggingane som er gjort gjennom NINA-rapport 643, men grensene for dei store verneområda som ligg innfor planområdet er også lagt til grunn. Delvis er desse grensene samanfalle. At ein i arbeidet i mange tilfelle har landa på samanfalle eksisterande grenser og linjer trekt gjennom anna lovverk eller kartleggingar er gjort både for enkelheits skuld, for å unngå for mange grenser å forhalde seg til i forvaltninga, og fordi villreinen mange stader allereie ligg inne som ein del av verneføremåla. I mange tilfelle i Ottadalsområdet er området mellom plangrensa og vernegrenser så smalt at det vil vera lite føremålstenleg å leggje ei ny grense. Konsekvensen er at ein i enkelte område går direkte frå sone A til sone C.

Konsekvens for villrein og anna naturmangfald

Med tanke på dagens livsgrunnlag for villreinen gjev planen føringar i reinen sin favør. Vi veit imidlertid ikkje korleis tilhøva for reinen vil bli i framtida. Derfor har sonebruken i desse tangane vore diskutert mykje undervegs i arbeidet med planen. Sjølv om det viktigaste ved denne planen er å leggje grunnlaget for ei heilskapleg forvaltning i villreinområdet, er også moglegheitene for samfunnsutvikling eit viktig tema. Som i andre prosessar har ein også her måtte vurdere kvar ein skal gje og kvar ein skal ta. Sidan det ikkje er observert rein i tangeområda i nyare tid, var dette område som derfor vart prioritert å ta ut av sone A, sjølv om dette er aktuelle reserveareal for reinen ved framtidige endringar i livsgrunnlaget. Samtidig dekkjer sone A veldig store areal og dekkjer også dei omtalte tangane visse stader, slik at ein i planen meiner å ha lagt til rette for tilstrekkeleg areal for reinen. På denne måten er også det øvrige naturmangfaldet godt beskytta mot inngrep i sone A. Med tanke på hyttene og stigane som allereie finst i området, legg planen opp til at fjellområdet fortsatt skal kunne bli brukt til tradisjonelt friluftsliv, men at ved konflikter mellom ferdsel og villreinen, skal villreinen prioriterast eller avbøtande tiltak som tilrettelegging vurderast.

I samband med 2. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone A1 Nasjonalt villreinområde til Sone B Randområde. I samband med 3. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone B Randområde til Sone C Fjell og fjordbygder. Dette gjev at det føreseielege leveområde for villrein blir litt mindre.

Samfunn

Planen legg opp til ei stenging av nye tiltak som vegar, uttak av masser ut over det som landbruksvegfrskrifta legg opp til og nye kraftliner. At planen legg opp til restriksjonar på kraftutbygging, vil ha stor innverknad for utbyggingsaktørar i kraftmarknaden. Store delar av området er verna etter naturmangfaldlova, men det vil vera område utan vern som på denne måten vil bli regulert gjennom PBL og sone A i denne planen. Planen legg opp til ei vurdering av kvart tilfelle. Ordlyden negativ verknad på villreinstamma er ei til dels upresis retningsline som legg opp til vurderingar. Kjennskapen til villreinen sitt levestett og reaksjonsmønster i ulike situasjonar gjer at ein ikkje har fasitsvar på korleis reinen vil reagere på ulike tiltak. Eit anna forhold er at reinsflokkene kan reagere på ein måte, medan enkeltindivid reagerer annleis. Derfor er det vanskeleg å bruke noko anna enn nettopp denne ordlyden. Dette betyr større utfordring på forvaltninga som skal vurdere kvart enkelt tilfelle ut frå den kunnskapen som finst om villreinen.

Ein meiner å gjennom planen å ha lagt godt til rette for samfunnsutvikling og generell bruk av fjellområda samtidig som ein sikrar reinen ro og tilstrekkelege areal. Likevel vil planen også føre til reduserte moglegheiter for utbygging og bruk av fjellområda. Imidlertid er den menneskelege aktiviteten ikkje det som er prioritert i sone A. Sidan det også er store verna areal i sone A, med dei føringane dette allereie fører med seg, meiner ein at planen ikkje fører med seg store endringar og konsekvensar ut over den situasjonen ein allereie har i dag.

Sone B | Randområde

Randområda syner område som grensar mot sone A (nasjonalt villreinområde) og skal fungere som bufferareal mot sone C. Her kan kommunane opne for utbygging i avgrensa omfang, og omfang og lokalisering skal fastsettest gjennom kommuneplanlegginga. Det skal takast særleg omsyn til villreinen i planarbeidet.

Villrein og anna naturmangfald

Randområda er i denne planen avgrensa, i det store og heile på grunn av topografi. I dei områda sone B er brukt, skal denne sona bidra til å hindre tiltak som kan ha påverknad på villreinområdet sjølv om tiltaket ikkje er lokalisert direkte i villreinområdet, men samtidig opne for ein viss grad av utvikling. Der ein kunne sett det som naturleg å nytte sone B, i overgangen mellom sone A og C, er det i dei fleste tilfella i dette planområdet lite aktuelt på grunn av bratte fjellparti med lite utbyggingspress, og der landskapet elles gjer utbygging lite aktuelt. Randområda vil ikkje i seg sjølv føre til auka aktivitet inn mot randområda, fordi planen i seg sjølv ikkje legg opp til konkrete utbyggingar eller aktivitetar.

Samfunn

Etter naturmangfaldlova skal ein alltid vurdere tiltak sin (potensielle) påverknad på naturmangfaldet. Slik sett skal reinen ideelt sett vera ivareteke. Gjennom bruk av randsonene ønskjer ein å forsterke dette. Dette er område der ein i stor grad kan sjå at tiltak fort vil ha påverknad på villreinen sjølv om reinen ikkje nyttar området direkte, og område som er potensielle bruksområde for reinen i framtida. I desse områda bør ein unngå nybygg eller ny utbygging, og ein kan gjennom kommuneplanlegginga opne berre for ei avgrensa utbygging. Kva som ligg i avgrensa utbygging må vera ei vurderingssak der ein tek utgangspunkt i type utbygging, lokalisering og effektar og eventuell endra bruk av nærliggande område. For landbruksnæringa som i det store og heile er den næringa som er representert i desse områda, vil ikkje sonefastsettinga ha nokon påverknad. Sone B er brukt i avgrensa omfang. Sona vil avgrense moglegheitene for gjennomføring av større tiltak som kan ha negativ påverknad på villreinen. Samtidig vil landbruksnæringa, som er den næringa som i størst grad er representert i desse områda, kunne drive ordinært etter sine gjeldande lovverk og forskrifter.

Sone C | Fjell- og fjordbygder

Dette er område som omfattar bygdeområde med tettstadar og spreidd busetnad. Det er ikkje utarbeidd retningslinjer til desse områda og kommunane si eiga planlegging etter plan- og bygningslova skal klargjera omfang av utvikling og utbygging i denne sona.

Villrein og anna naturmangfald

Denne sona ligg som eit «utfyllingsareal» mellom dei retningsgjevande sonene og plangrensa. Det er kommunane si eiga planlegging etter plan- og bygningslova som avklarar omfang av næring, busetting og fritidsbustadar, men avstanden til randområde og nasjonalt villreinområde er så liten i mange områder at kommunen bør vurdere i kvart enkelt tilfelle om nye tiltak kan få konsekvensar for villreinen og villreinens leveområder. Dette er uansett påkrevd vurdering etter naturmangfaldlova i kommunane si planlegging og sakshandsaming. Dette er særleg viktig når det gjeld tiltak som kan påverke sårbare område som kalvingsområde i mai og fyrste halvdel av juni, vinterbeiteområde og viktige trekkområde.

Samfunn

Sidan fast busetnad og det meste av næringsverksemda er lokalisering i denne sona, betyr dette at sonefastsettinga vil få liten konsekvens for folk flest, også med tanke på bustad- og næringsutvikling. Planlegging og sakshandsaming vil måtte ta omsyn til naturmangfaldlova sine føresegner, og elleser det ordinær planlegging etter PBL som gjeld i denne sona. Konsekvensen for moglegheitene for samfunnsutviklinga er derfor liten og med lita endring i forhold til dagens situasjon.

Sone D | Tamreinområde

Lom Tamreinlag er gjeve konsesjon til drift gjennom særlov, reindriftslova. Konsesjonsområdet er i planen avsett med eiga sone utan tilhøyrande retningsliner, og det blir her synt til konsesjonen som er gjeve.

Villrein og anna naturmangfald

I denne sona er det tamreinen som skal prioriterast framfor villreinen. For villreinen betyr dette innskrenka beitemoglegheiter. Samtidig har tamreinen hatt prioritet i dette området dei siste tiåra, og forholdet mellom tamreindrifta og villreinen fungerer etter opplysningane som har kome fram i planarbeidet godt. Dermed vil ikkje denne sonefastsettinga innebera nokor endring i forhold til dagens situasjon for villreinen eller naturmangfaldet elles.

Samfunn

Både tamreinlaget sjølv og Lom kommune har i planarbeidet understreka viktigheita av gode tilhøve for tamreindrifta i dette fjellområdet. Tamreinlaget har ei sterk stilling i lokalsamfunnet, knytt til historie og identitet. Planen legg godt til rette for å bringe dette vidare, og legg ikkje hindringar for å fortsette dagens drift. Planen understreker viktigheita av å fortsatt skille mellom tamrein og villrein og slik betydninga av gjetinga. Dersom det i framtida ikkje blir gjeve ny konsesjon eller at tamreindrifta av annan grunn tek slutt, skal området kunne takast i bruk av villreinen, men denne retningslina har ikkje betydning for dagens drift.

Sone E | Utvekslingsområde villrein

Ottadalen villreinområde grensar til villreinområdet i Vest-Jotunheimen. Det er ønskeleg å sikre moglegheiter for trekk mellom dei ulike villreinområda der dette fortsatt er mogleg og naturleg, og det er derfor sett av eit utvekslingsområde med tilhøyrande retningsliner. Dette ligg i Luster kommune, og tilhøyrer Vest-Jotunheimen villreinområde.

Villrein og anna naturmangfald

Planen legg opp til ei prioritering av villreinen i denne sona, og andre tiltak som er vurdert skal vurderast opp mot kva påverknad dette vil ha for trekkmoglegheitene mellom dei to villreinområda. Sidan det i planen ikkje blir opna for nye større tiltak som ny fritidsbusetnad, større tekniske tiltak og berre modernisering og utviding av eksisterande turistverksemdar, legg planen opp til i stor grad å halde på området som i dag, for å ta vare på moglegheitene for trekk. Dette betyr også at planen legg opp til gode framtidige vilkår også for naturmangfaldet elles i denne sona.

Samfunn

Samfunnsinteresser i dette området er i størst grad knytt til turistverksemd og samferdsel. Planen legg opp til restriksjonar på turistverksemda på den måten at det ikkje er opna for å byggje nytt. Samtidig er det fortsatt moglegheiter for å utvide eksisterande verksemdar. Planen legg ikkje føringar på bruken av Sognefjellsvegen direkte. Det er (potensielt) sommararbeite for reinen i dette området. Sognefjellsvegen er ope frå 1. mai til hausten, altså i perioden som reinen potensielt vil kunne nytte området. Dei generelle retningslinene om vegar legg opp til moglegheiter for stenging dersom dette er naudsynt. Om dette skjer, vil dette ha negativ innverknad på samferdsla mellom aust og vest sommartid, og slik også besøket til reiselivsverksemdene i området. Sidan det er lite observasjonar av rein i området, er dette per i dag ei mindre relevant problemstilling. Samtidig kan reinen sin avgrensa bruk av trekket kome nettopp av trafikken og skiløypekøyninga. Ein må derfor vurdere fortløpande trafikk og løypekøyning i forhold til konsekvensar for reinen.

Sone F | Utviklingsområde sommarskianlegg

Soner for utvikling er lagt til to område for sommarskiaktivitet. Dette er område med stor samfunnsmessig verdi og som det gjennom planarbeidet er peikt på må takast særskild omsyn til. Her

skal det leggjast særleg vekt på tiltaket sin verdi for næringsutvikling og ringverknadar for lokalsamfunnet. Det skal ikkje etablerast nye bygg til bruk for overnatting, og temakart for villrein skal takast med i vurdering av nye tiltak. Sonetypen må ikkje bli forveksla med utbyggingssone.

Villrein og anna naturmangfald

I dei to sonene for sommarskianlegg er det utviklingsmoglegheiter for skianlegga som er prioritert. Nye søknadsppliktige tiltak må likevel vurderast opp mot naturmangfaldlova, og retningslinene om løypeplan betyr at ein i planlegginga av ferdslar må gjera vurderingar av lokalisering for å ta omsyn til villreinen der dette er naudsynt.

Samfunn

Sommarskisentra er peikt på som viktige næringsaktørar med ei særskild rolle sidan dei delar av året genererer ein del ferdslar med si type verksemd og lokalisering. Planen legg opp til gode vilkår for utvikling av desse anlegga, sjølv om ein også her må gjera vurderingar kring forholdet til villreinen.

Sone A2 | Landskapsvernområde med villreinføremål

For å synleggjera kva landskapsvernområde i planområdet som har villrein som eitt av verneføremål, er desse synt i planen som sone A3.

Villrein og anna naturmangfald

Gjennom opprettinga av desse landskapsvernområda er villreinen allereie ivareteke, og verneforskriftene går føre den regionale planen. Naturmangfaldet er slik godt ivareteke gjennom vern.

Samfunn

Å syne desse landskapsvernområda i planen legg ikkje ytterlegare føringar på områda enn det som allereie ligg i verneforskriftene, og planen vil derfor ikkje føre med seg endringar i desse områda.

Sone A3 | Friluftsliv

Eit område ved Bispberget/ Aursjoen i Skjåk kommune har i planarbeidet vore eit særskild tema og har vore diskutert på fleire møte. I kommuneplanen er området avsett til LNF med omsynssone friluftsområde. Området er lett tilgjengeleg frå bygda gjennom vegen til Aursjoen og er mykje brukt i friluftssamanheng. Det har vore diskutert om området bør ha ei eige sone som syner dette. Det er ikkje kjend at den menneskelege bruken av området i friluftssamanheng (sett bort frå jakt) kjem i konflikt med reinen sin bruk av området per i dag. Området er derfor lagt i sone A, men med særskild omsyn til friluftsliv. Ein har i planarbeidet kome fram til at bruken av området bør omtalast i handlingsprogrammet.

Villrein og anna naturmangfald

Dette området er eit mykje brukt turområde sommartid i Skjåk, og området er tilrettelagt med merka turstigar. Det same området er stengt for reinsjakt om hausten. Dette er det einaste området i planområdet der det har kome innspel om slik type sone. Sidan området er eit etablert turområde med lett tilkomst om sommaren så har det vore ønskjeleg å syne dette i planen, og opne for at bruken av området skal kunne vidareførast. Dette betyr at ein også her skal ta omsyn til villreinen, men det blir ikkje stengt for fortsatt tilrettelegging og vedlikehald av turområdet. Konsekvensen for villreinen og naturmangfaldet elles er at dette området vil bera preg av ein tettare bruk og meir folk enn i store delar av villreinområdet elles, noko som vil kunne medføre tidvis uroing av villreinen og noko hardare bruk av naturen elles.

Samfunn

For friluftslivet vil omsynssona føre til fortsatt gode moglegheiter for å bruke dette området til friluftsliv under føresetnad av at det ikkje fører til auka press på villreinen.

7.3 Konsekvensar for tema frå planprogrammet**Landbruk og reindrift**

Landbruket er viktig for bygdene i planområdet. Det er ikkje registrert store konflikhtar mellom villreinen og landbruket, og landbruket sin bruk av villreinområdet, som må vurderast særskild, vil knyte seg til etablering av landbruksveggar, nybygg/utvikling av eksisterande landbruksbygg samt nydyrking. Landbruksveggar og nydyrking er regulert gjennom anna lovverk, samtidig som det gjennom planen sine retningslinjer er stilt krav om å ta særskild omsyn til villreinen. Samtidig er forholda for landbruk marginale i delar av planområdet, og landbruket er ei særskild viktig næring for mange av dei berørte kommunane. Dette understrekar viktigheita av at planen også skal leggje til rette for at landbruket skal kunne drivast og utvikle seg også i villreinområdet.

Lom Tamreinlag har beite innafor planområdet. Laget har konsesjon til drift gjennom Lov om reindrift. Tamreinen blir gjeta heile året, og det blir søkt å halde tamreinen og villreinen skilde. På grunn av at det er gjeve konsesjon etter eige lovverk, at tamreinlaget si drift er viktig for Lom kommune og at tamreinen blir drive innafor ei eiga avgrensa område, er det i planen sett av ei eige sone (D) til tamreindriften. Ein har gjennom planarbeidet ikkje på nokon måte sett det tenleg å leggje området som tamreinen blir drifta i til det nasjonale villreinområdet. Dersom tamreindriften i framtida skulle bli avvikla, så må ein da ta stilling til om dette området skal leggjast til det nasjonale villreinområdet gjennom ei rullering av den regionale planen.

I samband med 2. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone A1 Nasjonalt villreinområde til Sone B Randområde. I samband med 3. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone B Randområde til Sone C Fjell og fjordbygder. Dette gjev litt betre vilkår for landbruket.

Villrein og naturmangfald

I forhold til landbruket legg ikkje planen opp til store nye prioriteringar mellom næringa og villreinen. Landbruket i fjellområdet er marginalt. Utmarksnæringar knytt til landbruket kan vera anna enn det som er knytt til det tradisjonelle landbruket. Derfor er det viktig å også gjera vurderingar avtilhøvet til villreinen ved nye tiltak sjølv om desse er knytt til landbruket. Tilhøvet mellom tamreindriften og villreinen er i dag relativt ukomplisert. Planen legg opp til ei vidareføring av avtalene/ ordningane slik dette ligg føre i dag, og peiker på at det er viktig å unngå samanblanding og at området ved avslutta tamreindrift skal kunne takast i bruk av villreinen. Planen legg slik opp til ein god balanse i tilhøvet mellom naturmangfaldet med villreinen i spissen og landbruket og tamreinen.

Samfunn

Landbruket blir gjennom planen gjeve fortsatt gode tilhøve, men det er også ein føresetnad at villreinen blir vurdert ved gjennomføring av nye tiltak. Tamreindriften er ei viktig næring i området der denne blir utøvd. Planen ønskjer å leggje til rette for fortsatt gode driftsmoglegheiter av tamreinen, og legg ikkje opp til endringar av dagens ordningar. I sone A generelt er det villreinen som er prioritert, men dette er også føremålet med planen. I resten av planområdet står samfunnsaktørane og –utviklinga sterkare, men samtidig legg planen opp til at villreinen er noko ein uansett skal ta med i vurderinga ved nye tiltak. Ein vurderer landbruket og reindriften til fortsatt å ha gode vilkår gjennom planen.

Næringsutvikling/ lokal økonomi/ utbygging

Ottadalen villreinområde skil seg ut med tanke på at store delar av området er verna etter naturmangfaldlova, noko som fører med seg fastsette avgrensingar av aktivitet gjennom forskrift og forvaltingsplan. Mange stader er avstanden mellom vernegrense og bygd svært liten. Dette gjer at moglegheitene for visse typar utvikling allereie er sterkt avgrensa. Den regionale planen har som mål å ta vare på villreinen, men skal også gje handlingsrom for utvikling i lokalsamfunna i planområdet.

Store delar av dei ytre områda i planområdet er lagt til sone C, fjell- og fjordbygder. For denne sona er det ikkje lagt særskilde retningslinjer og planen syner til den kommunale planlegginga. Det har vore eit delmål at denne planen ikkje skal leggje strengare føringar enn høgst naudsynt på utviklingsmoglegheitene for kommunar som allereie har bandlagt store areal som verneområde, samtidig som hovudmålet har vore å ivareta dei viktigaste areala til villreinen. Planen søkjer å finne ein balanse mellom område der det skal vera mogleg å leggje til rette for utvikling og område der villreinen må prioriterast.

Næringsutvikling i denne samanhengen er i hovudsak knytt til landbruk og reiseliv som i stor grad er viktige næringar for dei fleste berørte kommunane. Ein skal kunne bygge, vedlikehalde og vidareutvikle setre og naudsynte driftshusvære for å nytte utmarksressursane i landbruksnæringa. Utmarksnæringar utanfor landbruket skal også ha moglegheita for utvikling, men dette skal da avgjerast gjennom plan. I sone A kan det opnast for ombygging og mindre tilbygg på eksisterande bygg samt riving og erstatning av eksisterande, og det er gjeve retningslinjer for etablerte turisthytter som gjev desse visse moglegheiter for modernisering og utviding. Derimot søkjer planen å unngå ny utbygging eller andre større tekniske inngrep som kan forringe grunnlaget for det nasjonale villreinområdet.

I samband med 2. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone A1 Nasjonalt villreinområde til Sone B Randområde. I samband med 3. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone B Randområde til Sone C Fjell og fjordbygder. Dette gjev litt betre vilkår for næringsutvikling og lokal økonomi.

På denne måten meiner ein å ha teke omsyn til utviklinga innan to viktige næringar i Ottadalsområdet, samtidig som ein heile tida i vurderinga av tiltak har teke omsyn til korleis ulike tiltak vil påverke villreinen.

Villrein og naturmangfald

Gjennom at det er avsett store område der villreininteressene er prioritert, meiner ein at villreinen og naturmangfaldet generelt har fått gode vilkår gjennom planen.

Samfunn

Sone A utgjør ein stor del av planområdet, men samtidig er det i dalføra (sone C) at størstedelen av næringsverksemda og –utviklinga finn stad, og det er derfor i dalføra at ein også finn hovudtyngda av drivkrafta i den lokale økonomien. Det same gjeld utbygging – det er lite utbygging i fjellområda, om ein ser bort frå kraftutbygging og turisthytter/ opne hytter. Planen legg opp til ei avgrensing i moglegheitene for vidare kraftutbygging, og dette vil potensielt ha store økonomiske konsekvensar for aktørar i kraftmarknaden. Samtidig legg planen opp til vurderingar av kvar enkelt sak, også av den grunn at ein skal kunne vurdere om ei utbygging ein stad vil føre til positive verknadar for villreinen og naturmangfaldet generelt andre stadar i planområdet. Elles har planen gode vilkår for sommarskisentra som er viktige lokale næringsdrivarar. Sjølv om planen legg opp til eit stort nasjonalt villreinområde, meiner ein at planen ikkje vil redusere vesentleg moglegheitene for lokal utvikling.

Lokaldemokrati og identitet

Sidan Ottadalsområdet består av store fjellområde som allereie er verna etter naturmangfaldlova, har det vore viktig at denne planen ikkje skal ta frå kommunane moglegheitene for eiga planlegging i

større grad enn naudsynt. Derfor er store delar av dei ytre områda (C) i planen sett av utan retningslinjer i denne planen.

Dette er viktig også på grunn av det sterke forholdet som mange av bygdene har til desse fjellområda, og som opp gjennom historia har vore brukt langt meir av lokalbefolkninga enn av tilreisande. Lokalbefolkninga har eit, etter måten, sterkt forhold til villreinen gjennom jakttradisjonen, og dette gjer at ønskje om å ta vare på den står sterkt. Villreinen er ein del av identitet, tradisjon og livsgrunnlag til folka som bur i desse områda. Med det særlege internasjonale ansvaret Noreg har for å ta vare på villreinen, er det likevel viktig å finne overordna føringar som kommunane kan ta utgangspunkt i.

Gjennom planen har ein søkt å finne ein balansegang gjennom å ha retningslinjer som dekkjer størstedelen av planområdet, medan ein i dei bygdenære områda fortsatt ønskjer at kommunane skal kunne utøve lokaldemokratisk basert planlegging med vekt på bygdeutvikling.

Friluftsliv

Ottadalsområdet er eit stort område med relativt lite menneskeleg aktivitet sett i forhold til kor stort området er. Det er ønskeleg å fortsatt bruke området til tradisjonelt friluftsliv, men prioriteringa av villreinen kjem fyrst dersom friluftaktivitetar kan komme i konflikt med reinen.

Friluftsliv i dette området knyter seg særleg til ferdsel til fots og på ski, ferdsel i jakttida om hausten og aktivitetar på sommarskientra. I stordelen av området er friluftsliv knytt til sporadisk ferdsel. Gjennom delar av området finn ein eit merka turstignett som gjev folk moglegheit for å følgje stiggar frå hytte til hytte. Det er særleg i vestlege delar av Reinheimen og Breheimen at det er trafikk av noko omfang mellom turisthytter. Likevel er det gjennom retningslinjene lagt opp til å få oversikt og kontroll over etablering og drift av stiar og løypenett. Dersom det er kjend at slike er i konflikt med villreinen sin bruk av området skal ein søkje å leggje om stigane til fordel for reinen. Også andre former for friluftsliv som hundekøying, kiting og liknande skal ein søkje å unngå i område der ein kan komme i konflikt med rein. Det er i planarbeidet også peikt på utfordringar knytt til laushundar i område med rein, og planen har eiga retningsline med tanke på kommunane sine forskrifter for bandtvang. Dette er også eit tema som det er aktuelt å konkretisere i eithandlingsprogram.

Villrein/ naturmangfald og samfunn

Ein meiner at planen legg opp til gode tilhøve for friluftslivet, sjølv om omsynet til villreinen veg tungt i saker der ein må vurdere ferdselen sin påverknad på reinen. Friluftsliv er også eit viktig tema i handlingsprogrammet, noko som syner at dette er eit viktig tema i planen:

Som avbøtande tiltak i område der det kan vera konflikt mellom villreinomsyn og friluftaktivitetar, bør ein vurdere tiltak for god merking, og gjennom det, kanalisering av ferdsla. Kommunane blir oppmoda om å utarbeide forpliktande stig- og løypeplanar som eit ledd i dette arbeidet. Dette vil vera eit viktig og langsiktig verkemiddel for å kanalisere ferdsla for å unngå konflikstar med villreinen.

Vidare er god informasjon til besøkande om korleis ein ter seg i nærleiken til reinen eit viktig tiltak. Andre tiltak kan vera føring i fjellet både for å sjå spor etter reinen, sjå på fangstminne i fjellet og lære om vår bruk av reinen som ressurs. På denne måten kan det stillast krav som i utgangspunktet avgrensar ferdsla i området, men som samtidig gir nye og alternative moglegheiter både for reiselivsnæringa og dei besøkande.

Kulturminne

Det er i Ottadalsområdet gjort svært mange funn av villreinrelaterte kulturminne og andre kulturminne. Kulturminna blir verna og forvalta gjennom kulturminnelova, og dei skal takast omsyn til ved planlegging og utbygging. Det er i arbeidet med den regionale planen derfor ikkje gjort særskilde grep for å leggje retningslinjer for kulturminna. Dette vil gjerast gjennom kommune- og reguleringsplanlegging på ordinær måte.

Villrein/ naturmangfald og samfunn

Verdien av kulturminne i planområdet er i denne sammenhengen i første rekke knytt til informasjons- og opplevingsverdien, selv om ivaretaking av kulturminna i seg selv også har stor verdi. Kulturminne som er automatisk freda er sikra gjennom kulturminnelova, men det finst også mange kulturminne knytt til villreinen som ikkje kjem inn under denne fredinga. For villreinen og naturmangfaldet i fjellområda vil det vera positivt om ein med tanke på informasjons- og besøksverksemd utnytta desse kulturminna, i staden for å oppsøke reinen direkte. Også for aktørar i reiselivsnæringa vil slike kulturminne kunne bidra til opplevingsverdien av området.

Drift av eksisterande anlegg for kraftproduksjon

Kraftutbygging er nemnd særskild i retningslinene for sone A, og vil også måtte vurderast i samband med retningslinene om bygging av veg og bruken av desse til allmenn ferdsel. I sone A er det i utgangspunktet ikkje ønskeleg med etablering av nye eller utviding av eksisterande kraftanlegg, men ein skal vurdere kva ei utbygging vil bety for samfunnet elles ved handsaminga av slike saker.

Villrein og naturmangfald

Forskinga syner at kraftanlegg kan vera kjelde til forstyrring av villreinen og slik endring i livsgrunnlag og levestett. Samtidig syner forsking og enkeltobservasjonar at reinen også er tilpassingsdyktig og ikkje så sky som ein normalt ser. Dette siste er hovudsakleg knytt til enkeltindivid. Etablering av nye kraftanlegg har to stadier som er viktige med tanke på påverknad av villreinen. Det eine er sjølv utbygginga og dei ringverknadane tiltaket får, det andre er det faktiske anlegget som blir ståande. I denne sammenhengen er det mest naturleg å ta omsyn til støy og forstyrrande tiltak under anleggsperioden og også den fragmenteringa av villreinområdet ei ferdig utbygging kan føre til. Dette er grunnen til at område som av kraftaktørar sjølv er peikt på som viktige areal for utbygging i framtida, likevel er lagt til sone A.

Samfunn

For aktørar innan kraftutbygging vil retningslinene for sone A få konsekvensar. Dette vil kunne føre til meir kritiske vurderingar av nye utbyggingar eller endringar av eksisterande anlegg i denne sona. Samtidig legg ikkje retningslinene opp til ei fullstendig stenging av vidare utbygging, men tiltaka skal nøye vurderast og i utgangspunktet skal det ikkje opnast for nye utbyggingar med unntak av der nye tiltak kan få positive konsekvensar for andre område. Planen legg opp til ei prioritering av villreinen i sone A.

Småkraftverk

Småkraftverk er for mange kommunar viktige eksisterande og framtidige inntektskjelder, og særleg gjeld dette for den vestlege delen av planområdet. Sidan planen skal ta omsyn både til villreinen og til samfunnsutviklinga, må ein gjera konkrete vurderingar av kvart tiltak. Det vil i prinsippet vera mogleg å kunne byggje og drifte mindre kraftverk utan at dette vil føre til auka press på villreinen, men i sone A vil vurderingar av dette vera strengare enn elles i området.

Villrein/ naturmangfald og samfunn

Utbygging av småkraftverk er i størst grad knytt til mindre vassdrag i meir bygdenære område, og vil ikkje ha den same tyngre graden av utbygging som ein vil sjå av større anlegg. Retningslinene for sone B seier ikkje noko om kraftutbygging særskild, men om tekniske inngrep generelt. Det blir derfor ei vurderingssak ikring etablering av nye småkraftverk. I dette ligg det vurdering av naturmangfaldet inkludert villreinen opp mot samfunnsnyttan.

Uttak av mineral og lausmassar

Planen set grenser for større tekniske inngrep som gjer at det nasjonale villreinområdet blir forringa. Eksempel på dette er større masseuttak og gruvedrift. Dette på grunn av omfanget av slike tiltak i seg sjølv, men også på grunn at aktiviteten rundt, mellom anna transport, som slike tiltak vil generere.

For å unngå lange transportavstandar er det i planen opna for mindre uttak av masser langs vegen for vedlikehald av eksisterande vegar.

Villrein/ naturmangfald og samfunn

Planen legg opp til avgrensingar av nye tiltak knytt til mineralutvinning og uttak av lausmassar. Uttak av lausmassar kan vera knytt til landbruksvegar og dermed landbruksvegforskrifta, men tiltak som skal vurderast etter PBL legg planen retningslinjer for. Større uttak og drift av desse vil potensielt kunne påverke naturmiljøet generelt og villreinen særskild. Dette går på bekostning av dei økonomiske godane slike tiltak vil kunne føre med seg for samfunnet, men samtidig kan ein gjennom kommuneplanlegginga i meir bygdenære område legge til rette for slik verksemd der tilhøva ligg til rette for det.

7.4 Vurdering av fokusområde

NINA Rapport 643 Villreinen i Ottadalen som er det faglege kunnskapsgrunnlaget for planen brukar omgrepet fokusområde om geografiske område der det i større eller mindre grad kan vera brukarkonfliktar og med ulik problematikk knytt til reinens behov. Rapporten peiker på i alt elleve fokusområde (sjå beskriving av områda i planbeskrivinga). I konsekvensutgreiinga ser ein på kva vurderingar som er gjort med tanke på reinen sin bruk av området og den samfunnsmessige tydinga opp mot grunngjevinga for at områda er utpekt som fokusområde i rapporten.

Trollstigen

Største delen av området ligg innafor Reinheimen nasjonalpark og Trollstigen landskapsvernområde, som har villrein som eit av verneføremåla. Trollstigvegen er sommarope nasjonal turistveg med stor trafikk. Trollstigplatået med turistveganlegg har reguleringsplan. Viktig område for Trollstig-reinen. Ønskje om å auke denne stamma noko. Det er sterke samfunnsinteresser knytt til turistvegen. I planen ligg dette området som sone A med særskild fokus på villreininteressene. Arealet som fokusområdet dekkjer er verna som nasjonalpark og landskapsvernområde. Trollstigvegen er nasjonal turistveg med stor trafikk.

Sjølv om området er verna etter naturmangfaldlova og også er foreslått som sone A i denne planen, bør det i handlingsprogrammet bli foreslått tiltak som kan vera med på å sikre reinen sin ferdsel i dette området, både aust og vest for vegen, også i framtida. Kanalisering av ferdsel i området kan vera eit aktuelt tiltak. Sone A, i tillegg til eit mindre område i sone C.

Vurdering

Ved å leggje dette området i sone A vil ein fortsatt ta vare på området for villreinen i framtida, og sonetypen vil ikkje kome i konflikt med villreinen sin bruk av området. Det er viktig å sjå på moglege tiltak i området i ein handlingsprogram.

Brøstdalen-Reindalen

Fokusområdet ligg innafor Reinheimen nasjonalpark og Romsdal landskapsvernområde, som har villrein som eit av verneføremåla. Sjølv om dette området har relativt stor ferdsel på grunn av DNT-merka stigar og fleire turisthytter, er det ikkje registrert store konfliktar med tanke på villrein. Viktig

trekk-, kalvings- og beiteområde. Viktig område for friluftsliv. Sone A, i tillegg til eit mindre område i sone C.

Vurdering

Det meste av arealet innafor dette fokusområdet er lagt i sone A. Lengst aust og lengst vest i det definerte fokusområdet er det areal som ligg i sone C. Med tanke på at fokusområda i rapporten er lagt inn som rektangel utan nærare avgrensing, er det ikkje peikt på at dei små områda av fokusområdet som ligg utanfor sone A er noko ein må ta særskild omsyn til.

Asbjørnsdalen

Den største delen av fokusområdet ligg innafor Reinheimen nasjonalpark. Moderat ferdsel i området, men turløypenettet på Bjorli på andre sida av dalen ser ut til å kanalisere mykje av trafikken frå hytteområda. Tidlegare kalvingsområde inærleiken.

Vurdering

Fokusområdet ligg inne i sone A. Området ligg også inne i nasjonalpark. Ved å leggje området til sone A er det synt at ein fortsatt vil prioritere villreinen i dette fokusområdet.

Grotli-Breiddalen

Den sørlegaste delen av fokusområdet ligg i Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernområde, som har villrein som eit av verneføremåla. Område med stor menneskeleg påverknad. Mange hytter i området. Rv 15 med aukande trafikk er ein viktig barriere for reinstrekk – ny tunnelloysing på Rv 15 Skjåk-Stryn vil vera eit aktuelt avbøtande tiltak. Behov for utviklingsrom for turistbedrifter. Viktig trekkområde for utveksling mellom nord- og sørområdet. Delvis brukt som kalvingsområde.

Vurdering

Delar av fokusområdet ligg inne i nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat, sone A. Det resterande området er i planen lagt inn som sone B og C. Grotli-Billingsdalen-området er eit viktig utviklingsområde for Skjåk kommune. Det er gjennom planen teke omsyn til moglegheitene for utvikling i dette området. Samtidig er det også teke omsyn til den viktigaste trekkvegen som reinen har i dette området mellom den nordre og søre delen av villreinområdet, og som er hovudgrunnen til at området er peikt på som fokusområde i rapporten. Den vestlegaste trekkvegen innafor fokusområdet er lagt inn i sone A, og kjem også delvis inn under vernet i nasjonalparken. Området er allereie utsett for stor menneskeleg påverknad. Gjennom å leggje den viktige trekkvegen i sone A ønskjer ein å sikre reinen sin framtidige bruk av denne. Det resterande området som ligg som sone B og C er i stor grad allereie utbygd, og planen ønskjer å vidareføre moglegheitene for nokoutvikling her i tråd med kommuneplanen.

Lordalen

Fokusområdet ligg innafor Reinheimen nasjonalpark og Lordalen landskapsvernområde, som båe har villrein som eit av verneføremåla. Fleire setre og spreidde hytter i området. Inste delen av Lordalen er eit sentralt område for reinen med trekkveg og kalvingsområde i fjella på båe sider av dalen.

Vurdering

Fokusområdet Lordalen er lagt inn som sone A/ A2, og er også verna som nasjonalpark og landskapsvernområde. Gjennom å leggje området inn i det nasjonale villreinområdet ønskjer ein å understreke viktigheta av å ta vare på reinen sin bruk av dette området også i framtida.

Slådalen

Slådalen dannar delvis den austlege grensa for Reinheimen nasjonalpark. Sommarope bomveg mellom Vågå og Lesja. To store overføringsliner for kraft følgjer dalen. Store fangstanlegg i området tyder på at det har vore mykje brukt av reinen tidlegare, men få observasjonar på austsida av dalen i nyare tid. Potensielt framtidig vinterbeiteområde.

Vurdering

Fokusområdet Slådalen ligg i hovudsak som sone A i planen. Det er lite observasjonar av rein i området i nyare tid, men dei mange fangstminna ein finn i delar av området gjer at ein ønskjer å ta vare på området for eventuell framtidig bruk for reinen. Gjennom å leggje området inn i sone A ønskjer ein å understreke viktigheita av å ta vare på moglegheita for at reinen kan ta i bruk dette området i større utstrekning i framtida.

Strynefjellet-Tystigen

Delar av fokusområdet ligg i Breheimen nasjonalpark som har villrein som ein del av verneføremåla. Sommarskianlegg med stor regional ringverknad på Tystigbreen. Sommarskisenteret og den nasjonale turistvegen genererer ein del trafikk i perioden juni-september. Eit utvida anlegg og meir løypekøyring på breen kan kome i konflikt med villrein sin bruk av området, men sterke lokalsamfunnsinteresser tilseier at det bør opnast for forsiktig utvikling av området. Reinen brukar området hovudsakleg i sommarbeiteperioden.

Fokusområdet ligg delvis inne i nasjonalpark. I planen ligg området inne som sone A og som sone F på grunn av at planen også vil gi moglegheiter til ei forsiktig utvikling av Stryn sommarskisenter, som er av stor samfunns- og næringsmessig betydning. Ved vurdering av tiltak innafor denne sona skal ein ta i bruk temakartet som følgjer NINA-rapport 643. Ein ønskjer også å gjennom retningslinene at det blir utarbeidd løypeplan som kanaliserer ferdsel i størst mogleg grad utanom villreinområdet, og at utbygging berre bør skje ved krav om reguleringsplan.

Vurdering

På denne måten ønskjer ein både å opne for framtidig utvikling av sommarskisenteret, men også at reinen sin bruk av området som sommarbeite og opphaldsområde i varme periodar om sommaren skal takast omsyn til.

Bispberget

Tange som ligg sør for Ottadalen landskapsvernområde ut mot kommunesenteret Bismo i Skjåk. Sommarope veg til Aursjodammen med parkeringsplassar. Viktig friluftsområde for Skjåk med turstigar, kulturstig og fiskebuer. Fleire småvatn er magasin for vatningsvatn. Tidlegare viktig trekkområde. Heilårsbeite for rein i dag. Administrativt freda for reinsjakt.

Fokusområdet ligg i planen som sone A og C. Fokusområdet i rapporten streifar så vidt innom landskapsvernområde. Fjellområdet som i planen ligg som sone A er eit viktig friluftsområde i Skjåk, og dette har også kommunen peikt på gjennom sin kommuneplan gjennom omsynssone for friluftsområde. Området bør omtalast i handlingsprogrammet.

Vurdering

Sone A3 i dette området legg opp til at villreinen skal prioriterast også i framtida, men markering av ei omsynssone for friluftsliv syner at det også er viktig å ta særskild omsyn til friluftinteressene her. Eventuell regulering av bruken av friluftsområdet kan vera tema i handlingsprogrammet. Delane av fokusområdet som ligg i sone C ligg ned mot dalen og har liten verdi for villreinen.

Honnsjøen-Liafjellet

Fokusområdet ligg i hovudsak innafor Reinheimen nasjonalpark, Finndalen landskapsvernområde og Ottadalen landskapsvernområde, der villrein er eit av verneføremåla. Fleire setre og sommarope bomveg i Finndalen. Mange beitedyr i dalen. Vinterbrøytt bilveg til Liasetrene i sør. Kraftline går gjennom området. Det er ikkje registrert store konflikthar med tanke på villrein. Svært sentralt trekkområde frå langt attende i tid. Trekk til og frå viktig vinterbeiteområde på Liafjellet. Sommarbeite for bukkeflokkar.

Vurdering

Rektangelet på kartet som definerer fokusområdet i rapporten er lagt over både nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat. I planen ligg området som sone A og B, og delvis som C. Gjennom at størstedelen av fokusområdet ligg innafor sone A, ønskjer planen å ivareta moglegheitene for det viktige trekket austover mot Liafjellet/ Nordheradsfjellet og også ta vare på eit svært viktig vinterbeiteområde. Sjølv om delar av området er lagt som randsone, sone B, er dette fortsatt viktige område for villreinen, men samstundes er areala viktige for landbruket. Det er intakte vatningsvegar i området, kulturminne som framleis er i bruk. Moglegheiter for vedlikehald av desse er lagt inn i forskrifta for Ottadalen LVO.

Lomseggen

Fokusområdet ligg i Breheimen nasjonalpark. Grenseområde mellom villreinområde og vinterbeite for tamrein.

Vurdering

Dette fokusområdet omhandlar grensa mot tamreinområdet til Lom Tamreinlag. Det er i planen lagt opp til ei eiga sone D for konsesjonsområdet. Derfor var det også naturleg å leggje dette som ei eiga definert sone og syne til det gjeldande lovverket. På denne måten blir tamreinnæringa teke omsyn til, samtidig som det i planen er vurdert sett av tilstrekkelege areal til villreinen, slik at tamreindrifta ikkje fører til negative endringar for beitegrunnlaget til villreinen.

Vest-Jotunheimen

Fokusområdet ligg på Sognefjellet. Sommarskiseret med langrennsløypekøyning og den nasjonale turistvegen Rv 55 Sognefjellsvegen genererer mykje trafikk i perioden mai-oktober. Sterke lokalsamfunnsinteresser tilseier at det bør opnast for forsiktig utvikling av området. Trekkvegar mellom Ottadalen villreinområde og Vest-Jotunheimen villreinområde, men berre sporadiske trekk i dag. Det er ønskjeleg å oppretthalde trekkvegane med tanke på potensiell utveksling mellom dei to villreinstammene.

Fokusområdet er i rapporten synt som eit rektangel på lik linje med dei andre fokusområda og markert som trekkveg også på lik linje med andre trekkvegar. Å opprette moglegheiter for trekk mellom ulike villreinområde der dette er mogleg har ligge til grunn for planarbeidet.

Vurdering

Det har vore naturleg å definere området for utveksling nærare enn det som er gjort i rapporten, og området er lagt som ei eiga sone E. På denne måten legg planen opp til å sikre moglegheiter for utveksling mellom Ottadalsområdet og Vest-Jotunheimen i framtida.

7.5 Vurdering av risiko- og sårbarheit i planen

§ 4-3 i plan- og bygningslova krev at planar for utbygging skal innehalde ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Denne planen med sin overordna karakter legg ikkje opp til vesentlege grepsom utgjer endra risiko for befolkninga i planområdet. Det er ikkje lagt opp til nye utbyggingsområde,

endring av infrastrukturen eller andre konkrete og nye utbyggingstiltak. Vurderingar av risiko og sårbarheit må vidare gjerast gjennom kommune- og reguleringsplanlegginga.

8 VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA

Naturmangfaldlova sitt føremål jf. § 1 er at

(...) naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i framtida, også som grunnlag for samisk kultur.

I saker etter Plan- og bygningslova skal ein gjera vurderingar etter naturmangfaldlova sine §§ 8-12 (jf. § 7). Dette gjeld også regionale planar, og omfanget av dokumentasjon, vurdering og vektlegging må tilpassast forholda i den enkelte saka.

Kunnskapen som ligg føre er vurdert som tilstrekkeleg for vurderingane som er gjort knytt til villrein og anna naturmangfald, slik som også planen si konsekvensutgreiing gjer greie for.

§ 7 (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

I denne planen blir det ikkje lagt opp til konkrete endringar i arealbruk. Ein har derfor ikkje mindre avgrensa område å vurdere i forhold til naturmangfaldet generelt, slik ein vil kunne gjera i kommune- og reguleringsplanar. Av den grunn er det forholdet til villrein som er hovudtemaet i både konsekvensutgreiinga og vurderinga gjort etter naturmangfaldlova.

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Kravet til kunnskapsgrunnlag skal i følgje paragrafen stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Denne regionale planen er ein overordna plan, og også store delar av kunnskapsgrunnlaget som er nytta i planarbeidet ligg på eit overordna nivå.

NINA-rapport 643 er hovudkjelda for informasjon om villreinen i Ottadalsområdet. Rapporten tek grundig for seg reinen sin bruk av området, og arbeidet med rapporten er basert både på kvalitative og kvantitative metodar, under her også historiske data og informasjon frå kjentfolk i områda. Det er ikkje utarbeidd rapportar/forskningsarbeid frå andre fagfelt enn for villrein i tilknytning til planarbeidet. I tillegg er det innhenta informasjon frå kommuneadministrasjonane og andre kjentfolk som har vore involvert i planarbeidet.

Villreinstammens hovudområde ligg i den austlege delen av planområdet. Dette blir spegla i NINA-rapporten og også i planarbeidet.

Ei oversikt over kunnskapsgrunnlaget ligg føre i kap. 2.9. Det meste av dette er knytt til konsekvensutgreiinga i forkant av opprettinga av mange verneområda i planområdet. Konsekvensutgreiingane og andre rapportar knytt til vernearbeidet er grundige og tek for seg tema som landskap, geologi og landformer, friluftsliv og botaniske registreringar for avgrensa område, i tillegg til undersøkingar knytt til samfunn og næring.

Informasjonsgrunnlaget er vurdert som tilfredsstillande for dei vurderingane som er gjort i den regionale planen. Ytterlegare innhenting av informasjon må gjerast ved planlegging på meir detaljert nivå, gjennom kommuneplanar, reguleringsplanar og i den øvrige sakshandsaminga.

I Miljødirektoratet si *Naturbase* finst oversikt over registreringar av naturtyper og slik kunnskap om naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand. Dei viktigaste naturområda i planområdet er allereie verna gjennom naturmangfaldlova. Naturtyper med lokalisering utanfor sone A må bli ivareteke gjennom den kommunale planlegginga slik det også er krav om gjennom naturmangfaldlova, og dette er ekstra viktig her med tanke på at det er denne sona det er opna for flest tiltak (utan retningslinjer i planen). Den kunnskapen som ligg føre er vurdert å vera tilfredsstillande for lova sitt krav om planlegging på eit regionalt nivå, under føresetnad av at den konkrete lokaliseringa av framtidig busetnad og anlegg skal skje gjennom kommunale planar.

Ein vurderer kunnskapsgrunnlaget som oppfylt på bakgrunn av den relativt store mengda tilgjengelege kunnskap som allereie finst om planområdet, og sett ut frå ei vurdering av kva som er rimeleg å forvente av denne type plan som dekkjer eit stort område og der det ikkje er lagt opp til konkrete utbyggingsområde.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Sjølv om store delar av Ottadalsområdet er verna etter naturmangfaldlova, legg planen opp til ytterlegare areal der villreinen skal prioriterast. Planen vil kunne sikre store område for bruk av villreinen i framtida. I Ottadalsområdet er det dei eksisterande verneområda som dekkjer store delar av planområdet som også i hovudsak er kjerneområda for villreinen. Det er vanskeleg å veta kor store areal reinen vil få bruk for i framtida, og i ein idealsituasjonen sett frå villreinforvaltninga si side kunne det også vore ønskeleg å behalde tangane som i planen er lagt som andre soner som villreinområde. Sidan planen også skal sjå på den øvrige samfunnsmessige utviklinga er imidlertid områda der det ikkje er observert rein i nyare tid område som i framtida kan vera aktuelle å utvikle, og som går utanom føre-var-tenkinga. Gjennom kommuneplanlegginga må ein ta høgde for, og gjera vurderingar av, reinen sin eventuelle framtidige bruk av desse områda før ein opnar for anna utvikling/ utbygging.

Ein meiner gjennom planen å ha lagt inn tilstrekkeleg areal for å kunne bevare villreinens moglegheiter for bruk av området med den storleiken stamma har i dag - også i framtida, gjennom å leggje store areal til det nasjonale villreinområdet. Det er også sett av store areal som i dag kan betraktast som «reserveareal» og som ikkje er brukt av villrein i nyare tid. Den regionale planen legg gjennom det til grunn ei føre-var-tenking ikring ei heilskapleg forvaltning av villreinområdet. Føre-var-prinsippet er også brukt ved at villreinen også skal takast omsyn til i stor grad i randsonene og at framtidig utbygging i området mot Vest-Jotunheimen som i dag er lite brukt til trekk/utveksling, ikkje skal vera så omfattande at det vil hindre reinen å kunne bruke det i framtida. Tiltak knytt til ferdsel er omtala i retningslinene for å sette søkeljoset på viktigheita av gjennomarbeidd planlegging av stig- og løypenett.

Ein meiner at planen slik den ligg føre med kunnskapsgrunnlaget som det er teke utgangspunkt i, tek så stort omsyn til naturmangfaldet at det er lite sannsynleg at planen i seg sjølv vil ha negativ konsekvens for dette.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Bakgrunnen for den regionale planen er å leggje til rette for ei heilskapleg planlegging av bruken av områda i Ottadalen villreinområde. Inngrepa i Ottadalen villreinområde er totalt sett små. På vestlandssida gjer topografien at det meste av menneskeleg aktivitet går føre seg i dalbotn og langs fjorden, og ikkje er spreidd opp gjennom dalsidene og mot fjellet. Det same gjeld på Ottadals- og Gudbrandsdalssida, men her er dalsidene slakare og ein finn i nokon grad hytter og i stor grad landbruksverksemd oppover mot fjellet. På fjellet er det svært lite hyttebygging, vegar og andre liknande inngrep, men eit par sommarskisenter og område brukt til sommarskiløping i tillegg til ein større riksveg og område med utviklingsplanar langs denne ferdselsåra (Strynefjellet/ Grotli). Ein finn

i planområdet også noko tekniske inngrep som kraftliner og merka turstigar og turisthytter. I det heile er graden av menneskelege inngrep i Ottadalsområdet liten og utbyggingspresset likeeins. Planen legg ikkje opp til nye utbyggingsområde eller store utvidingar av eksisterande tiltak, sjølv om planen opnar for ei viss moglegheit for utviding.

Planen legg til rette for store område der det er villreinen sitt livsgrunnlag som skal prioriterast, og ein ser den samla belastninga av prioriteringane i planen som liten med dei vala som er tekne.

§ 11 (kostnadane ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar)

Planen syner ikkje løysingar og krav som fører med seg forringing av miljøet og slik kostnadar knytt til dette, for kommunane eller andre tiltakshavarar.

§ 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar)

Lokalisering av nye tiltak er ikkje eit tema i denne overordna planen, og planen tek ikkje stilling til konkrete tiltak og tilhøyrande lokalisering. Slik blir heller ikkje planen å ta stilling til utføring og teknikk. Driftsmetodar omfattar tidspunkt for aktivitet og avbøtande tiltak. I retningslinene til planen er det lagt ønskte føringar på tidspunkt for aktivitet (til dømes i sårbare villreinområde i mai/ juni og i tilknytning til vinterbruk av vegar), utan at dette er presisert til konkrete lokalitetar og tiltak.